


nynorsk • kultursentrum



# Årsmelding og rekneskap 2004

*Ivar Aasen-tunet*  
*Dei Nynorske Festspela*  
[www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no)

# Innhald

<b>1. Det viktigaste året</b>	<b>3</b>
<b>2. Mål og strategi</b>	<b>4</b>
2.1 Mål	4
2.2 Strategi	4
2.3 Viktige uløyste oppgåver	5
<b>3. Drift</b>	<b>6</b>
3.1 Resultat	6
3.2 Administrasjon	6
3.3 Vidare drift	7
<b>4. Disponering av resultat</b>	<b>7</b>
<b>5. Rekneskap</b>	<b>8</b>
Resultatrekneskap	8
Balanse	9
Notar	11
Revisjonsmelding	13
<b>6. Organisasjon</b>	<b>14</b>
6.1 Råd	14
6.2 Styre	15
6.3 Administrasjon	16
6.4 Verneombod	17
6.5 Rekneskap og revisjon	17
6.6 Verv og representasjon	17
6.7 Medlemsskapar	17
6.8 Ivar Aasen-instituttet	17
6.9 Andre samarbeidspartnarar og nettverk	18
<b>7. Staden</b>	<b>18</b>
7.1 Uteområdet	18
7.2 Bygningar og anlegg	18
<b>8. Dokumentasjon og politikk</b>	<b>19</b>
8.1 Arkiv, bibliotek og samlingar	19
8.2 Dokumentasjon og forsking	21
8.3 Kulturpolitisk arbeid	24
8.4 Årets nynorskbrukar	25
8.5 Nynorskbasen	26
8.6 Artikkelarkivet	26
8.7 Publikumssørvis	26
8.8 Foredrag	26
8.9 Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet	27
8.10 Andre trykte og elektroniske skrifter	27
8.11 Fagleg representasjon	27
<b>9. Utstillingar</b>	<b>29</b>
9.1 Basisutstillinga	30
9.2 Temautstillingar	30
9.3 Forfattarpresentasjoner	31
9.4 Vandreutstillingar	31
9.5 Skuletilbod	32
<b>10. Arrangement</b>	<b>33</b>
10.1 Dei Nynorske Festspela	33
10.2 Kulturprogram vår og haust	34
<b>11. Kafé og butikk</b>	<b>35</b>
11.1 Kafé og utleige	36
11.2 Butikk	36
<b>12. www.aasentunet.no</b>	<b>37</b>
12.1 Besök og bruk	37
12.2 Nettbiblioteket	37
<b>13. Informasjon</b>	<b>38</b>
13.1 Presse og kringkasting	38
13.2 Trykksaker	38
13.3 Annonsering	39
13.4 Reiselivssamarbeid	39
<b>14. Besök</b>	<b>39</b>
14.1 Gjesteprofil	39
14.2 Opningstider	40
14.3 Billettprisar	41
<b>15. Økonomi</b>	<b>41</b>
15.1 Investeringar og drift	41
15.2 Prosjektilskot	42
15.3 Sponsoravtalar	43
15.4 Samfunnsrekneskap	43
<b>16. Situasjonen for nynorsk skriftkultur</b>	<b>44</b>
16.1 Språkdelte norsk kultur	44
16.2 Bruk og utbreiing	45
16.3 Perspektiv 2013	46
16.4 Strategi som nasjonal kultur- institusjon	47
<b>VEDLEGG</b>	
Statistikk 2004	49
Kulturprogram 2004	50
Dei Nynorske Festspela 2004	56
Temautstillingar 2000–2004	62

**Framsida**

Storebjørka i Ivar Aasen-tunet 1936 (Foto Lystad)

**Baksida**

Storebjørka i Ivar Aasen-tunet 2005 (Ivar Aasen-tunet)

## 1. Det viktigaste året

2004 blei det viktigaste året til no for Nynorsk kultursentrum som ein nasjonal kulturinstitusjon med solid lokal forankring. Vi var aktive i heile 21 kommunar, la grunnlaget for eit målretta arbeid for meir nynorsk på Internett, arbeidde for akseptable fleirtalsløysingar i den viktige debatten om nynorsk i skulen, og med det oppsøkjande kulturprogrammet ”Det undrande språket” fekk vi på to veker over 600 nynorskelevar og lærarar i tale om språkleg sjølvtilitt. 2004 var også året då den første nettbanken med komplett nynorskluysing kom i drift. Særleg gledeleg var det at Stortinget vedtok å opprette Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa i nær tilnyting til Ivar Aasen-instituttet i Volda.

Om lag 15 større og mindre forskings-, dokumentasjons- og formidlingsprosjekt var i gang med tilknyting til samlingane våre. Også dette året var Nynorsk leksikon på Internett det viktigaste av dette. Musikkgruppa Side Brok fekk prisen *Årets nynorskbrukar 2004*.

Omsetninga auka med 3 % til 10,0 mill. kr i 2004, og drifta gav eit overskot på 110 843 kr mot eit underskot på 344 000 kr i 2003. Resultatforbetringa på over 450 000 kr kom etter eit målretta og lojalt arbeid frå alle tilsette.

18 800 personar gjesta tilboda våre i 2004, mot 18 400 i 2003. Om lag 4000 eller 21 % av desse var barn og unge.

Samlingane utgjorde ved årsskiftet om lag 33 000 einingar. Ved utgangen av 2004 var 34 % av samlingane tilfredsstillande registrerte, mot 17 % eit år tidlegare. Artikelarkivet i Ivar Aasen-tunet inneheldt ved årsskiftet vel 3200 artiklar om meir enn 600 personar, institusjonar og organisasjonar, mot 1700 klipp eit år tidlegare. Ved inngangen til 2005 var 1900 dokument tilgjengelege på nettstaden vår. Størst var Nettbiblioteket med over 900 tekstar.

I 2004 laga vi to nye temautstillingar, fire nye forfattarpresentasjonar og hadde om lag 90 aktualitetsopplag i basisutstillinga. Også dette året var det noko nytt i basisutstillinga kvar einaste opningsdag. Eldre og nyare temautstillingar blei dette året viste som vandreutstillingar på 19 stader i landet.

Det vi slit mest med no, er å få ein sunn økonomi i Dei Nynorske Festspela. I 2004 auka Dei Nynorske Festspela omsetninga med 11 % til 1,1 mill. kr, og kostnadene blei reduserte noko. Likevel blei resultatet eit underskot på -75 000 kr, mot eit underskot på -226 000 kr i 2003. Både i kunstnarleg kvalitet og publikumsoppslutning var festspela svært vellukka, med vel 6000 gjester og 250 utøvarar på 48 arrangement.

For kulturprogrammet auka omsetninga med 14 % til 649 000 kr i 2004. Utanom Festspela stod vi for 82 eigne kulturarrangement i 2003, mot 71 året før. Nær 600 utøvarar var involverte i desse tilstellingane.

Styret la i arbeidet sitt særleg vekt på å utøve sin kontrollfunksjon, forvalte det overordna strategiske arbeidet, delegere avgjerdsmynde i enkeltsaker til administrasjonen, leggje grunnlaget for å gjere den nye institusjonen til ein god arbeidsplass, fremje målretta langtidsplanlegging, og sikre gode allmenne

rammevilkår for verksemda. Statstilskotet til drifta for dette året var akseptabelt, men enno ikkje nok til å nå målet om full drift slik dette blei fastsett i *St.prp. nr. 1  
Tillegg nr. 4 (1995–96)* med 11,5 faste stillingar.

Nynorsk kultursentrum skal fylle både ei lokal, ei regional og ei nasjonal rolle. Institusjonen ønskjer å spele ei konstruktiv rolle i abm-samarbeidet, og er blitt viktig både i nasjonale og regionale nettverk. Om lag 70 % av driftsmidlane kjem frå det offentlege. Vi legg stor vekt på å gi mykje tilbake til fellesskapen og vere til nytte for mange.

Frå opninga sommaren 2000 fram til utgangen av 2004 har samlingane av bøker, skrifter, foto og tradisjonelle gjenstandar auka frå 14 500 til 33 000. Til saman har vi avvikla over 750 arrangement med meir enn 3200 utøvarar og presentert 14 nye, eigenutvikla temautstillingar. Nynorsk kultursentrum har i dette tidsrommet hatt 94 000 vanlege gjester og 439 000 gjester på nettstaden. Sidan opninga i 2000 har altså over 530 000 personar nytta tilboda våre.

Kwart tredje arrangement i 2004 var utanfor Ivar Aasen-tunet, og Nynorsk kultursentrum satsar no meir på vandreutstillingar og tilbod andre stader i landet. På dei fem første driftsåra har Nynorsk kultursentrum vore til stades i heile 45 kommunar i 15 fylke.

I 2005 reknar vi med å leggje grunnlaget for viktige endringar. At Nynorsk kultursentrum kan vere til nytte for publikum i inn- og utland, har meir å seie for nynorskbrukarane enn talet på gjester ved arrangement og utstillingar. Difor kjem Nynorsk kultursentrum no til å satse endå meir på Internett.

## 2. Mål og strategi

### **2.1 Mål**

Nynorsk kultursentrum arbeider for tre mål:

1. Gjere det lettare å vere nynorskbrukar
2. Styrke den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane
3. Skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur

### **2.2 Strategi**

Strategien vår er at Nynorsk kultursentrum skal vere den institusjonen alle vender seg til som ønskjer informasjon og dokumentasjon av nynorsk språk og skriftkultur, og nytenking om språk- og kulturpolitiske strategiar. Dette inneber at

- a) Ivar Aasen-tunet skal vere målet for alle og ein attraktiv stad for publikum som etterspør fagleg baserte tilbod av typen arrangement og utstillingar,
- b) Dei Nynorske Festspela skal vere ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen med dei beste forfattarane, den gode musikken og dei uventa bileta, og at
- c) [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) skal vere den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert digital informasjon om nynorsk skriftkultur.

Måla våre er allment viktige og peikar i retning av nasjonale oppgåver som vi prøver å løyse. Vi har svært vide samarbeidsflater, er ein offentleg aktør som av andre blir oppfatta som truverdig, påliteleg og løysingsorientert, og vi driv ei samla verksemd som er mindre stadbunden enn for mange abm-institusjonar vi kan samanliknast med. Kvart år arrangerer vi ulike publikumstilbod i eit titals kommunar, vi tilbyd kulturprogram og utstillingar til andre arrangørar landet rundt, og vi er motoren i fleire viktige nasjonale nettverk.

Nynorsk kultursentrum legg til grunn at ein nasjonal museumspolitikk treng eit knippe museum som kvar for seg og til saman kan tryggje fagleg kompetanse på nasjonalt nivå. For vår del er dette forankra i dei stortingsdokumenta som låg til grunn for stortingsvedtaket i 1995 om å skipe Ivar Aasen-tunet som eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter.

### 2.3 Viktige uløyste oppgåver

Dei språklege og kulturelle utfordringane kan i prinsippet delast i to: Dei som gjeld heile det norske språksamfunnet (både bokmål og nynorsk), og dei som gjeld nynorsk åleine. Der er fleire trugande utviklingsdrag som rettar seg meir einsidig mot nynorsk, som den veikaste parten:

- *Marknadsmakt og kommersialisering* avløyser offentleg styring og nynorskbrukarane kjem ofte dårlegare ut når offentlege ordningar blir privatiserte.
- *Sentraliseringa* på dei aller fleste områda i det norske samfunnet fører til at det er bokmålsområda som styrker seg på kostnad av nynorskområda, som i større grad er spreidtbygde.
- For nynorskens del er det mindre tale om domenetap enn at det er *ein del domene der nynorsk enno ikkje har fått sofeste*. Innanfor kultursektoren gjeld det sentrale felt som dei største riksavisene, veke- og fagpressa, filmindustrien og det meste av underhaldningsindustrien, ikkje minst den som er retta mot born og unge.
- Så godt som *alle nynorskinstitasjonar er små* og utan tilgang til privat kapital. Dei har dermed dårlege føresetnader for å møte ein situasjon med hardare tevling mot kommersielle bokmålsaktørar på sine felt. Alle tunge nysatsingar i desse institusjonane er avhengige av offentleg finansiering og politisk velvilje.
- Jamleg blir det avdekt at offentlege institusjonar ikkje følgjer *mållova* slik dei pliktar å gjere. Konsekvensen av dette er at nynorsk blir mindre synleg i kvar dagen og mindre utvikla som eit allment fagspråk enn det kunne ha vore.

Den nynorske skriftkulturen treng nye tiltak for å tryggje og styrke sin eigen posisjon. Slike nyvinningar må ikkje gå på kostnad av etablerte institusjonar og ordningar som er velfungerande og som har vist seg å vere føremålstenlege. Både ein del generelle støtteordningar og meir selektive tiltak må haldast oppe og styrkjast, viss det skal gi mening å tale om at begge dei norske skriftspråka skal haldast i hevd.

Nynorsk kultursentrum legg vekt på å ta initiativ som kan prege utviklinga av nynorsk skriftkultur og den praktiske situasjonen for nynorskbrukarane. Mest

mogleg av arbeidet blir utført i nær kontakt med andre nynorskinstitusjonar. Vi ser desse oppgåvene som særleg viktige:

1. Nynorsk leksikon, eit allment nynorsk leksikon på Internett
2. Språkleg jamstelling også innanfor IKT
3. Betre undervisning i nynorsk både som hovudmål og sidemål
4. Lesestimuleringstiltak for barn og unge med nynorsk som hovudmål
5. Auka løyvingar til allmenne støtteordningar som har særskilt mykje å seie for nynorsk skriftkultur, til dømes pressestøtta

Regjeringa Bondevik viste til dei same viktige oppgåvene i kulturmeldinga i 2003, og stortingsfleirtalet slutta seg til dette våren 2004. Det gir eit godt grunnlag for vidare arbeid med sakene ut frå eit perspektiv 2013.

## 3. Drift

Omsetninga nådde for første gong 10 mill. kr, ein del faste driftskostnader blei tydeleg reduserte i 2004, og resultatet blei forbetra med 454 000 kr frå 2003.

Eigenkapitalen er likevel for liten, og vi arbeider for å byggje opp ein eigenkapital som er stor nok til at vi kan tolke dei svingingane drifta vår kan gi over tid.

Forretningsideen til Nynorsk kultursentrum er basert på ei mangslungen verksemnd med høg kvalitet som kjennemerke. Fire av dei seks rekneskapsavdelingane – administrasjon, festspel, arrangement, utstillingar, kafé og butikk – kom ut med betre resultat enn i 2003.

### **3.1. Resultat**

Omsetninga i 2004 var på 10,0 mill. kr mot 9,6 mill. kr året før. Rekneskapen syner eit overskot på 111 000 kr etter finansinntekter, mot eit underskot på 344 000 kr i 2003. Den positive eigenkapitalen er dermed auka til 153 000 kr.

Underskotet i 2003 gjorde det nødvendig å sikre eit størst mogleg overskot i 2004. Vi greidde å forbetre resultatet med 454 000 kr, dels ved å redusere driftskostnadene noko, dels ved å auke driftsinntektene ein god del. Sjølv om vi ikkje oppnådde eit så stort overskot som ønskjeleg i 2004, er vi på rett veg.

### **3.2 Administrasjon**

I 2004 hadde vi 11 fast tilsette medarbeidarar og engasgementsavtalar med 19 andre medarbeidarar. Desse utførte 12,7 årsverk. Det har ikkje vore nokon skader eller ulykker i meldingsperioden. Det samla sjukefråværet for fast tilsette utgjorde 5,6 % av den samla arbeidstida i rekneskapsåret, mot 9,0 % i 2003. Arbeidssituasjonen er dermed normalisert.

Nynorsk kultursentrum fører ein målretta likestillingspolitikk som gir resultat. Tre av sju styremedlemmer i 2004 var kvinner, og kvinner sat i posisjonane som styreleiar og rådsordførar. I leiargruppa sat det to kvinner og to menn i 2004, og blant dei fast tilsette var det fem menn og seks kvinner. Ved nytilsetjing

prioriterer Nynorsk kultursentrum formelle og reelle kvalifikasjonar, men vi ser også til at det over tid blir verande eit balansert forhold mellom tal på kvinner og menn i staben.

Verksemda til Nynorsk kultursentrum er i hovudsak vanleg kontordrift, og fell difor innanfor det lova om forureining tillet. Verksemda har ikkje skadd eller påverka det ytre miljøet i 2004. Søppel frå kontordrifta har vore sortert i papir og ikkje-papir, dessutan spesialavfall. Nynorsk kultursentrum har i 2004 ikkje levert produkt som kan skape noko miljøproblem.

### **3.3 Vidare drift**

Grunnfondskapitalen er på kr 220 000. Denne kapitalen står på renteberande konto i Sparebanken Volda Ørsta. Vidare drift er lagd til grunn for rekneskapen for 2004.

## **4. Disponering av resultat**

Årsoverskotet på 110 844 kr går til å auke eigenkapitalen. Stiftinga har ved årsskiftet ein eigenkapital på 152 948 kr.

*Hovdebygda, 31. desember 2004/11. mars 2005*

Kari Bjørke, *leiar*

Geir Atle Ersland

Kristian I. Hanto

Jan Heggheim

Eirik Helleve

Olaug Husabø

Margit Walsø

Ottar Grepstad, *direktør*

## **Rekneskap, 6 blanke sider no**

## **Rekneskap, 6 blanke sider no**

## **Rekneskap, 6 blanke sider no**

**Rekneskap, 6 blanke sider no**

## **Rekneskap, 6 blanke sider no**

## **Rekneskap, 6 blanke sider no**

## 6. Organisasjon

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Stiftinga eig og driv desse tiltaka:

- Ivar Aasen-tunet
- Dei Nynorske Festspela
- Nettstadene [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) og [www.garborgnett.no](http://www.garborgnett.no)

### **6.1 Råd**

20 stiftarar står bak Nynorsk kultursentrum. Kvar stiftar oppnemner for to år om gongen ein medlem og ein varamedlem til rådet i Nynorsk kultursentrum. Rådet hadde desse medlemmene i 2004 (oppnemningsperiode i parentes):

#### *Kommunar og fylkeskommunar*

Hordaland fylkeskommune: Jakob Bjelland (2004–2007), vara Anbjørg R. Hjellestad (2004–2007)

Møre og Romsdal fylkeskommune: Reidun Klock Tjervåg (2003–2007), vara Solfrid Petrine Viset (2003–2007)

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Else Kristine Husabø (2003–2007), vara Liv Henjum (2003–2007)

Volda kommune: Gunnar Strøm (1999– ), vara Reidun Heimen Heltne (2003–)

Ørsta kommune: Ola Perry Saure (1999–), vara Monica Ryste Barstad (2003–)

#### *Forsknings- og utdanningsinstitusjonar*

Ivar Aasen-instituttet: Stephen J. Walton (2002– ), vara Jan Inge Sørbo (2003–2004)

Høgskulen i Volda: Reidun Høydal (2003–2004), vara Reidun Aambø (2003–2004)

Møreforsking: Johan Barstad (1998–), vara Reidun Høydal (1998–)

Møre Folkehøgskule: Odd A. Steinvåg (1993–), vara Olav Aasen (1993–)

Noregs teknisk-naturvitakaplege universitet: Ola Stemshaug (1996–), vara Gunnar Foss (1996–)

Universitetet i Bergen: Johan Myking (2003–2004), vara Knut S. Vikør (2003–2004)

Universitetet i Oslo: Dagfinn Worren (1997–), Margit Harsson (2002–)

Universitetet i Tromsø: Eirik Liland (1998–), vara Gulbrand Alhaug (2002–)

#### *Kulturinstitusjonar*

Det Norske Samlaget: Svenn Fosseng (2002–), vara Eli Fiskvik (2002–)

Det Norske Teatret: Ola E. Bø (1993–), vara Kristin Eikli (1993–)

Sunnmøre Museum: Ingebjørg Røyrhus Øyehaug (2004–2005), vara Kari Hasle (2004–2005)

#### *Målrørsle*

Noregs Mållag: Grete Riise (2001–), vara Steinulf Tungesvik (2001–)

Noregs Ungdomslag: Yngve Vadstein (2002–), vara Hallvard Julseth (1999–)  
Landssamanslutninga av nynorskkommunar: Jan Magne Dahle (2003–), vara Vidar Høviskeland (2001–)  
Vestmannalaget: Svein E. Kvamsdal (2000), vara Kjell Inge Bjørke (2000–)

Arbeidsoppgåvane for rådet er desse:

- Sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet.
- Vedta fråsegner om alle spørsmål som vedrører stiftinga, men ikkje som bindande pålegg til styret.
- Oppnemne to styremedlemmer med varamedlemmer til styret i Nynorsk kultursentrum.
- Gjere framlegg til styret om val av revisor for Nynorsk kultursentrum.

Rådsordførar var Grete Riise. Ottar Grepstad var sekretær. Rådet hadde to møte og handsama i alt 17 saker, mot åtte før. Dei viktigaste sakene var nynorskens plass i opplæringa.

## 6.2 Styre

Styret i Nynorsk kultursentrum har sju medlemmer med personlege vara-medlemmer. Staten v/Kultur- og kyrkjedepartementet oppnemner fire medlemmer, rådet vel to, mens ein medlem blir vald av dei tilsette. Styret i 2004 var:

*Oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet 1.1.2002–31.12.2005*

- Kari Bjørke, Oslo, leiar (oppnemnd første gongen 1998) med vara Marie Morken, Bergen (oppnemnd første gongen 2002)
- Geir Atle Ersland, Bergen (oppnemnd første gongen 1998) med vara Arvid Blindheim, Vestnes (oppnemnd første gongen 1998)

*Oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet 1.1.2004–31.12.2007*

- Jan Heggheim, Stryn (oppnemnd første gongen 2004) med vara Målfrid Snørteland, Hafsfjord (oppnemnd første gongen 2004)
- Olaug Husabø, Tromsø (oppnemnd første gongen 2000) med vara Per Olav Kaldestad, Stord (oppnemnd første gongen 1999)

*Valde av rådet 1.1.2002–31.12.2005*

- Margit Walsø, Oslo (vald første gongen 2002) med vara Bente Vatne, Ørsta (vald første gongen 1998)

*Valde av rådet 1.1.2004–31.12.2007*

- Kristian I. Hanto, Bø (vald første gongen 2002) med vara Jan Olav Fretland, Lærdal (vald for åra 2004–2005, vald første gongen 1998)

*Vald av dei tilsette 1.1.2004–31.12.2005*

- Eirik Helleve, Volda (vald første gongen 2004) med vara Ingrid I. Opdal, Volda (vald første gongen 2004)

Rådsordførar Grete Riise møtte som observatør på møta.

Styret hadde seks møte og eitt telefonmøte, og handsama i alt 80 saker mot 58 året før. Utanom budsjett, rekneskap og årsmelding var dei viktigaste sakene i styret Nynorsk leksikon, nynorskens plass i skulen, fleire langtidsplanar for ulike område av drifta, ny utescene og ulike saker under fellesnemnaren ”Perspektiv 2013”.

### **6.3 Administrasjon**

I 2004 hadde Nynorsk kultursentrum arbeidsavtale med 30 medarbeidarar, mot 25 året før. Desse utførte 12,7 årsverk mot 13,2 året før.

Desse 11 var fast tilsette i Nynorsk kultursentrum:

Torgeir Dimmen, informasjonsleiar (permisjon frå 1.8.)

Ottar Grepstad, direktør

Eirik Helleve, dokumentasjonsleiar

Milan Ilic, kjøkkenleiar

Knut-Johann Jørgensen, driftsleiar

Kirsti Langstøy, bibliotekleiar

Beate Langeland Mork, tunassistent (til 31.3.)

Marit Neergaard, formidlingsleiar

Ingrid I. Opdal, tunvert

Janne Karin Støylen, programansvarleg (permisjon frå 4.11.)

Oddny W. Nupen, sals- og administrasjonssekretær

Desse 19 var tilsette i engasementsstillingar og utførte om lag 2600 timeverk i 2004, mot 3700 året før:

Ragnhild Bjørge

Ingrid Buset

Michail Efstatthiou

Kristin F. Husøy, bibliotekar (til 7.9.)

Live Karin Liaskar

Ole Jonny Lillebråten

Lars Ivar Nordal

Hilde Marthe Nordhaug

Idun Alma Torvik Ramsdal

Elisabeth Rotevatn

Christel Siem (vikar programansvarleg frå 8.11.)

Solveig Skrede

Anne Marta Vinsrygg Vadstein

Anne Kristin A. Vågsholm

Åshild Widerøe

Birte Wollmann Ytrestøy

Gaute Øvereng (vikar informasjonsleiar frå 1.12.)

Aslaug Marit Øyehaug

Erik Aaslid, bibliotekar (frå 1.9.)

Ved enkelte høve var desse tre ekstrahjelper: Rozik Bahgdasarian, Øystein Hjorthol Opedal, Numic Senad.

#### **6.4 Verneombod**

Verneombod i 2004 var Knut-Johann Jørgensen.

#### **6.5 Rekneskap og revisjon**

Rekneskapen blei ført av Voldaregnskap i Volda. Revisor var statsautorisert revisor Arvid Hovden.

#### **6.6 Verv og formell representasjon**

Fagrådet for Ivar Aasen-instituttet: Sigrid Bø Grønstøl

Nynorsk Forum: Ottar Grepstad (leiar)

Styremedlem i Ørsta reiselivslag: Marit Neergaard

Styret i Norges Museumsforbund (2. vara): Ottar Grepstad

Forum for nasjonale museer: Ottar Grepstad (sekretær)

Musea i Møre og Romsdal (MIMR): Eirik Helleve (sekretær)

Nasjonalt forskarnettverk for nynorsk: Eirik Helleve

Strategigruppa for Norsk språkråd: Kari Bjørke

Ressursgruppa for den nemnde strategigruppa: Ottar Grepstad

#### **6.7 Medlemsskapar**

Nynorsk kultursentrum var i 2004 medlem av desse institusjonane:

- BIBSYS
- ICOM Norge
- Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP)
- Musea i Møre og Romsdal (MIMR)
- Norges Museumsforbund
- Norsk KulturhusNettverk (NKN)
- UNINETT (til 1.8.)
- Ørsta reiselivslag
- Ålesund reiselivslag

#### **6.8 Ivar Aasen-instituttet**

For Nynorsk kultursentrum er Ivar Aasen-instituttet ein vedtektsfesta samarbeidspartnarar, og det alt i § 1, der det heiter at stiftinga har som ”hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet i Volda.” Omfanget av samarbeidet vil variere over tid, og i 2004 hadde vi få fellestiltak. Det viktigaste var kontakten mellom oss og dei tre doktorgradsstipendiatane Jens Johan Hyvik, Oddmund L. Hoel og Aase Norunn Digernes som no skriv kvar sine avhandlingar frå historia om norsk målreising 1739 –2005.

## **6.9 Andre samarbeidspartnarar og nettverk**

Nynorsk kultursentrum representerer ein total abm-institusjon som driv både arkiv, bibliotek, museum, festival og nettstad, og som har drive ulike nettverk like sidan 1997. Vi blei ei konsolidert eining alt i 2000 då vi tok over ansvaret for det truleg eldste personmuseet i landet, Ivar Aasen-museet.

Nynorsk kultursentrum har mange ulike brukarar av våre tenester og vår kompetanse, og vi samarbeider på ulike måtar med svært mange institusjonar og miljø. Det kjem jamt fleire førespurnader utanfrå om samarbeid, råd og hjelp. Vi er ikkje i den situasjonen at vi må by oss fram, men tvert om i aukande grad velje kritisk kva vi kan og bør engasjere oss i av initiativ og førespurnader utanfrå.

Dei fleste tiltaka Nynorsk kultursentrum gjennomfører, involverer såleis ulike samarbeidspartnarar. Årleg har vi jamleg og målretta kontakt med godt over 60 institusjonar, organisasjonar og verksemder. Desse held til i nærmare 20 kommunar: Bergen, Eid, Flora, Førde, Hareid, Herøy, Høyanger, Jølster, Leikanger, Molde, Oslo, Stord, Stryn, Suldal, Ulstein, Volda, Ørsta, Ålesund.

Vi er med i både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nettverk. I 2004 var dette dei viktigaste: Nynorsk Forum, Forum for nasjonale museer og Norsk KulturhusNettverk.

## *7. Staden*

Arbeidet med å halde ved like og utvikle vidare kostnadseffektive arbeidsformer heldt fram i 2004. Arbeidspresset var stort også dette året, men prioriteringane blei klarare og meir målretta.

### **7.1 Uteområdet**

Nynorsk kultursentrum rår over fem bygningar og eit 30 mål stort uteområde i Ivar Aasen-tunet. Dette kulturlandskapet er sterkt knytt til den nynorske kulturhistoria og byd på ein autentisitet som gjer sterke inntrykk på mange.

Storebjørka i Aasen-tunet er det nynorske tuntreet, og ved sida av Kongebjørka i Molde er nok dette den mest kjende bjørka i landet. Treet må vere minst 200 år gammalt, og så gamle bjørketre er svært sjeldan å sjå. Vi har lagt vekt på at bjørka skal leve vidare. I stormkast 4.10. blei Storebjørka sterkt skadd ved at den øvre av dei to stammene blei knekt (sjå foto baksida). Greinene på denne stammen hadde ikkje bore lauv dette året, og den stammen som no står att, er heller ikkje frisk. Framtida er difor uviss.

### **7.2 Bygningar og anlegg**

Nybygget i Ivar Aasen-tunet er ei komplisert bygning med krevjande tekniske anlegg. Jamleg vedlikehald og dagleg tilsyn med desse anlegga blei prioritert høgt også i 2004. I spørsmål kring utbetring og vedlikehald hadde administrasjonen også i 2004 kontakt med professor arkitekt Sverre Fehn MNAL.

Gjenklangen i kafeen og resepsjonen har vore for stor heile tida. Hausten 2004 tok vi difor kontakt med Statsbygg for å sjå om noko kunne gjerast. Statsbygg var imøtekomande og kring årsskiftet fekk vi fram førebels prisoverslag over ei teknisk god, men dyr løysing som også kan vere tilfredsstillande visuelt.

Arbeidet med å planleggje ny, større og permanent utescene tok til i 2003 og ført vidare i 2004. Diverre gjorde andre og større prosjekt det umogleg for arkitekt Sverre Fehn å følgje opp forprosjektet frå 2003 i tråd med framdriftsplanen. Ved utgangen av året var prosjektet difor på veg over til ein annan arkitekt i vidare nært samarbeid med Fehn.

I møte 26.3. gjorde styret slikt vedtak: ”Styret ønskjer å markere for all framtid verdien av det store arbeidet Jostein Nerbøvik la ned mellom 1990 og 2000 for å få til det nye Ivar Aasen-tunet. Området mellom uteamfiet og nybygget får difor namnet Jostein Nerbøvik-plassen.” Vedtaket blei kunngjort på ein kulturveld til minne om Nerbøvik i Ivar Aasen-tunet 22.4.

## 8. Dokumentasjon og politikk

Med den utoverretta profilen til Ivar Aasen-tunet er det kunstig å skilje skarpt mellom formidling, oppleving og fagleg arbeid. Alle tilsette utfører fagleg arbeid. Meir gjennom fagleg arbeid og temautstillingar enn gjennom kulturprogrammet kan Nynorsk kultursentrums spele ei rolle nasjonalt og internasjonalt. Den spisskompetansen på dokumentasjon av nynorsk skriftkultur som skal vere vårt varemerke, blei utvikla vidare i 2004. Vi registrerer at Nynorsk kultursentrums for mange er blitt eit kvalitetsargument.

### **8.1 Arkiv, bibliotek og samlingar**

Gjennom året auka samlingane med totalt 829 titlar frå 32 065 i 2003 til 32 894 i 2004. Omgrepet *titlar* dekkjer både enkeltbøker, verk som inneheld fleire band, tidsskrift, fotografi, originaldokument, arkiveiningar og enkeltgjenstandar. Av desse samlingane var 11 144 titlar tilfredsstillande registrerte ved utgangen av året, dvs. 34 % av samlingane, mot 17 % i 2003.

Samlingane femner om både kulturhistoriske gjenstandar, kunsthistoriske gjenstandar og fotografi. Tilveksten av kulturhistoriske gjenstandar var på 329 titlar, i form av trykte skrifter (296), AV-media (CD-ROM, musikk-CD-ar og lydbøker på CD; i alt 30), arkivmateriale (3), Jon Fosse-arkivet, Anders Hovden-arkivet og Eirik Vandvik-arkivet) og registrering av delar av samlingane. Det var ingen auke i talet på kunsthistoriske gjenstandar i 2004, medan fotografi auka med 500 titlar. Mest heile denne auken skriv seg frå ei samling fotografi som er under oppbygging, og som ved årsskiftet inneheld 1472 fotografi, mest digitale foto av bygningar og utstillingar og frå verksemda i Aasen-tunet.

I 2004 auka talet på fotografi med rundt 500. Mot slutten av året tok vi til med ei sortering i det elektroniske fotoarkivet. I løpet av 2005 vil dette arbeidet

halde fram, slik at vi ved neste årsskifte vil ha eit meir nøyaktig tal. Auken kjem i all hovudsak frå fotografi tekne i samband med eigne aktivitetar og arrangement. I tillegg tok vi i desember til med omemballering av illustrasjonsarkivet til *Norsk Allkunnebok* (sjå 8.2), og før årsskiftet hadde vi digitalisert rundt 50 bilete herfrå.

Biblioteket kjøpte i 2004 inn 229 bøker og skrifter og 25 AV-media, mot 244 og 4 i 2003. Biblioteket abоннerte på 61 tidsskrift og årbøker, det same som i 2003. Frå lokale bibliotek, Nasjonalbibliotekets gjenbruksbase, privatpersonar, forlag, institusjonar og organisasjonar fekk Nynorsk kultursentrum dette året 60 bøker, skrifter og AV-media i gave.

Biblioteket hadde totalt 270 *utlån* i 2004. Utlånet omfatta utlån til dei tilsette og til utstillingar frå eigne samlingar og utlån av litteratur innlånt frå andre bibliotek. Det blei tinga og motteke 41 *innlån* frå andre bibliotek dette året. Det kom 1 ønskje frå andre bibliotek om lån frå våre samlingar. Talet på tingingar frå og utlån til andre bibliotek var lågt fordi vi heller ikkje i 2004 opna for at andre bibliotek kunne bestille lån eller kopiar frå samlingane våre via BIBSYS.

Det var ikkje tilvekst av tradisjonelle gjenstandar i 2004. Registreringa av gjenstandane etter Ivar Aasen blei fullført i 2004, i programmet WinRegimus. Resten av gjenstandssamlinga, altså kunstverk, eldre fotografi og gjenstandar samla inn etter at Ivar Aasen-tunet opna, blir registrert i løpet av 2005.

Av plassgrunnar fører Nynorsk kultursentrum ein svært restriktiv tilvekstpolitikk for større bokgåver og arkivmateriale. Kvart år får vi tilbod vi må takke nei til. Den store auken i arkivmateriale var den første tilveksten til Jon Fosse-arkivet. Vi henta ni ønskjer med ulikt materiale hjå Fosse i juni. Materialet står trygt lagra, men det er ikkje gjort noko registrering av dette så langt. Jostein Nerbøvik døydde i mars, og i samråd med enkja blei delar av arkivet hans førebels flytta til Ivar Aasen-tunet.

Talet på titlar gir avgrensa informasjon om kor store samlingane er fysisk. Vi bruker difor i nokre samanhengar også omgrepene *band/eksemplar*, der vi til dømes tel med enkelteksemplar av særprent, enkeltårgangar av aviser, tidsskriftnummer m.m.

Arbeidet med å registrere bøker og tidsskrift i BIBSYS tok til i 2001. Systemet blir brukt i samband med tinging, mottak og katalogisering, og i samband med utlån og innlån frå andre bibliotek. Opplysningar som gjeld eitt eksemplar av eit dokument blir kalla ein dokumentpost og blir identifisert av eit DOKID. Talet på DOKID svarar til talet på eksemplar som er registrert i basen. Ved utgangen av 2004 var det registrert totalt 8474 DOKID i BIBSYS for biblioteket vårt.

I 2004 blei det registrert eller katalogisert 5720 DOKID med bibliotekkode *wb* og kortforma AASENTUN i BIBSYS, mot 1822 i 2003. Så og seie alle desse blei også katalogiserte. I tillegg blei 52 DOKID registrert i 2000-2003 katalogisert i 2004. Til saman blei 5772 titlar/eksemplar registrerte eller katalogiserte i BIBSYS i 2004, av desse var 4039 titlar frå Djupedal-samlinga.

Arbeidet med Djupedal-samlinga heldt fram for fullt i 2004. Kristin F. Husøy arbeidde i engasjementet fram til 1.9., då Erik Aaslid blei engasjert i stillinga.

Den viktigaste delen av faglitteraturen i Djupedal-samlinga er no katalogisert i BIBSYS. Dette vil i hovudsak seie biografiar, språk- og litteraturvitenskap (norsk,

dansk og svensk), historie, folkeminne, religion, kyrkjehistorie og lokalhistorisk litteratur fra Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. All faglitteratur om Ivar Aasen, inkludert det som sto på kontoret i Ivar Aasen-museet, skal no vere registrert i BIBSYS. Alt dette er i samsvar med prioriteringane våre.

I til vil dette for 2004 seie at 4039 monografititlar blei registrerte i BIBSYS og 12 småtrykk-, særprent- og periodikatitlar i Excel, totalt 4051 registrerte titlar i Djupedal-samlinga dette året. Frå registreringsarbeidet tok til i 2002 og fram til årskiftet 2004/2005 er det no registrert 5111 monografititlar i BIBSYS. 2626 småtrykk-, særprent- og periodikatitlar er registrerte i Excel. Alle småtrykk, særprent og periodika står i magasinet, medan monografiene er plassert med rundt 2900 titlar i biblioteket og rundt 2200 titlar i magasinet. Fysisk utgjer dette totalt 16 443 band/eksemplar ved utgangen av 2004.

Samlingane i Ivar Aasen-tunet er sett saman av eigne kjøp, gaver og fleire større delsamlingar. Dei viktigaste av desse er:

- Ivar Aasen-samlinga: 225 gjenstandar og om lag 2400 bøker og skrifter. Arbeidet med å gå gjennom heile Aasen-samlinga for å samanlikne med Haukaas si liste blei avslutta i 2004. Ei skeiv hylle i Kristiania-rommet blei også retta opp i samband med at ein gjekk gjennom samlinga. Det er meinингa at den reviderte lista over boksamlinga skal leggjast ut på nettstaden.
- Reidar Djupedal-samlinga: om lag 16 000 band (medrekna vel 2600 særprent, småtrykk og periodika), 218 originale Aasen-dokument og 22 kartongar med avisklipp.
- Sivert Aarflot-arkivet: over 2000 originaldokument i 43 arkivboksar, m.a. mange Aasen-dokument. Arkivet er deponert av Sivert Aarflot-museet, i første omgang fram til 2005.
- Delar av Norsk boksamling, gjerne kalla Anton Aure-samlinga: om lag 5000 band med bøker og skrifter utgitt etter 1935, og 2200 årgangar av 146 ulike aviser, blad og tidsskrift frå perioden 1877–1972. Samlinga er deponert av Det Norske Samlaget, i første omgang fram til 2010. Dessverre står framleis delar av samlinga nedpakka i kasser i magasinet, men det vil i 2005 bli frigjort plass til desse ved at uprioritert litteratur frå Djupedal-samlinga blir plassert i bokveggen i biblioteket. Vi reknar med å kunne ta imot resten av Aure-samlinga i 2006.
- Noregs Mållag sitt avisklipparkiv frå 1983 til dags dato: 155 kassettar og permar. Samlinga blir supplert jamleg av Noregs Mållag.

## 8.2 Dokumentasjon og forsking

Arbeidet med å registrere samlingane i Ivar Aasen-tunet er godt i gang, men det vil ta lang tid før alt er registrert. Inntil Djupedal-samlinga er ferdig registrert, har samlingane våre størst bruksverdi for våre eigne tilsette og for tilsette, forskrarar og studentar ved Ivar Aasen-instituttet.

Styret vedtok i 2002 *Dokumentasjons- og forskingsplan nr. 1 2002 – 2004*. Planen fekk eit tilleggsdokument i juni 2004, og heile planen blir revidert sommaren 2005.

Museum driv kunnskapsbasert formidling. I systematiske og kritiske former utviklar dei eigen kunnskap, basert på samlingane sine. I seinare år er dokumentasjon blitt ein stadig viktigare funksjon for musea, men omgrepene *dokumentasjon* har enno ikkje fått nokon etablert definisjon. I den nyaste større museumsutgreiinga, NOU 1996:7, ser det berre ut til å vere brukt i samband med identifisering, bestemming og registrering av gjenstandar, altså som eit synonym for systematisk registrering. I planen vår har vi prøvt å gi omgrepene eit meir presist innhald: ”Dokumentasjon kan forståast som systematisk og kjeldekritisk bearbeiding av informasjon frå eigne samlingar eller innanfor dei emna ein amministrasjon konsentrerer seg om. Denne bearbeidinga kan omfatte omtale, fagleg beskrivelse og analyse.” Dokumentasjon omfattar dermed også systematisk arbeid med immaterielle data, til dømes statistikk eller analysar. I eit slikt perspektiv blir skiljet mellom dokumentasjon og forsking lite skarpt. Eit museum som arbeider med dokumentasjon vil bruke forskarens metodar, men presenterer sjeldan materialet sitt i forskarens sjangrar, som avhandlingar eller vitskaplege artiklar.

Dokumentasjon og innsamling heng saman og viser til to ulike deler av same prosessen. Dokumenteringa tek til når innsamlinga sluttar, altså når gjenstanden er komen i hus. Dokumentasjonsarbeidet skal dekkje både fortid og samtid. I dokumentasjonsarbeidet er vi meir føremålsretta enn forskarar skal eller treng vere. Det vi dokumenterer, skal helst kunne brukast til noko, anten av oss sjølve eller av utanforståande.

I 2004 var desse dokumentasjonsprosjekta i gang i vår eigen regi:

- *Nynorsk faktabok 2005* blir den mest omfattande og pålitelege statistiske dokumentasjonen av nynorsk skriftkultur som er blitt laga. Frå ulike brukarar og institusjonar aukar etterspurnaden etter oppdatert informasjon, og vi både oppdaterte gamle tabellar og utvikla mange nye i 2004. Faktaboka blir publisert september 2005.
- *Den språklege lekkasjen. Årstale nr. 4 om tilstanden for nynorsk skriftkultur* blei halden 29.9.2004. Direktørens tale er framleis den einaste årstalen i heile kultursektoren. Denne gongen tok direktøren særleg opp utviklingsmønster hos elevar med nynorsk som hovudmål i grunnskulen, korleis nynorskens plass i skulen endra seg radikalt då ungdomsskulen blei obligatorisk, og korleis om lag ein tredel av årskulla av nynorskbrukarar seinare har skifta til bokmål.
- *Nettbiblioteket* (frå 2001): Den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk.
- *Nynorske dikt og songar* (frå 2001): Arbeidet med å samle inn diktarane sine siste versjon av klassiske dikt og songar heldt fram og blir no etter kvart publiserte på nettstaden. For songane sin del tek vi også med tilrådd versjon i moderne rettskriving. I 2004 publiserte vi bl.a. fleire av dei klassiske julesongane.
- *Ivar Aasen-bibliografi* (frå 2002): Ein selektiv bibliografi frå 1977 blei i 2002 oppdatert fram til dags dato, og blir no oppdatert årleg.
- *Kulturell toleranse* (frå 2002): Dokumentasjonen frå årstale nr. 2 om forholdet mellom nynorskbrukarar og innvandrar kom til nytte i det kulturpolitiske

arbeidet også i 2003. Dette blir no følgt opp gjennom Nynorsk nettverk for lærarar i norsk for innvandrarar.

- *Det nynorske Noregskartet* (frå 2002): Vi arbeider med ein geografisk-kronologisk studie som syner korleis nynorsken blei teken i bruk, ut frå tidspunkt for innføring av nynorske skulekrinsar, Blix-salmar og nynorsk liturgi.
- *Versjonar, variantar og tradering av "Nordmannen"* (frå 2002): I dette prosjektet gjer vi greie for historia om denne mykje brukte allsongen, m. a. med grunnlag i originalkjelder som finst berre i Ivar Aasen-tunet. Arbeidet blir avslutta i 2005.
- *DialektXpert* (frå 2003): Samarbeidet med Norsk Interaktiv i Kristiansand om dette Internett-baserte tilbodet blei sluttført hausten 2004.
- *Historia om Ivar Aasen-museet 1897–* (frå 2003): Tidlegare museumsstyrar Jens Kåre Engeset publiserte eit historisk oversyn hausten 2003. Vi arbeider vidare med dette historiske materialet med ujamne mellomrom.
- *Dei mange røystene. Replikkar til Norge og Noreg 2005* (NY 2004): Etter forprosjekt i 2003 gjorde vi i 2004 avtale med Hundreårsmarkeringa Noreg 2005 om eit samarbeid som femner om fleire delprosjekt. Det viktigaste av desse er kulturprogrammet ”Det undrande språket”, som hadde premiere 25.10.2004 (sjå 9.5).
- *Språkpolitikk i partiprogramma* (NY 2004): Komplett dokumentasjon av alt som partia på Stortinget har vedteke om språkpolitikk i partiprogramma sine frå og med 1906. Dokumentasjonen blei publisert i serien *Småskrifter*, og blir oppdatert etter partilandsmøta i 2005.
- *Digitalisering av illustrasjonsarkivet til Norsk allkunnebok* (NY 2004): Nasjonalbiblioteket fann dette arkivet, med uklar proveniens, våren 2004 og tok kontakt med oss. Vi gjorde hausten 2004 avtale om at Nynorsk kultursentrum ordnar og omemballerer arkivet, og digitaliserer illustrasjonar derifrå til eige bruk etter behov. Arbeidet blir gjennomført vinteren 2005.

I 2004 var desse eksterne forskings- og dokumentasjonsprosjekta i gang med utgangspunkt i samlingane våre

- *Mastergrad i skriftkultur* (frå 2002): Hausten 2003 tok Ivar Aasen-instituttet opp ti nye studentar i det mastergradsstudiet i nynorsk skriftkultur som blei sett i gang hausten 2002. Studentane kjem i aukande grad til å bruke samlingane våre aktivt, og det kan bli aktuelt med både førelsingar og anna fagleg arbeid frå vår side.
- *Biografi om Elias Blix* (frå 2002): Anders Aschim skriv på ein biografi om Elias Blix og var ofte i kontakt om materiale frå samlingane våre.
- *Det opne språket* (frå 2003): Ivar Aasen-instituttet sette hausten 2003 i gang dette forskingsprosjektet om norsk målreisingssoge 1739 – 2005 med tre doktorgradsstipendiatar. Desse kjem til å bruke ulike delar av samlingane våre.
- *Vestlandets historie* (NY 2004): Dette populærvitskaplege prosjektet blir avslutta med eit trebandsverk som er komplett hausten 2006. Kapitlet ”Språk, tale og skrift i vest” blir skrive med grunnlag i blant anna samlingane våre. Prosjektet kan munne ut i planar om større prosjekt frå vår side.

### **8.3 Kulturpolitiske arbeid**

Det omfattande kulturpolitiske arbeidet frå 2003 blei utvikla vidare i 2004. Særleg arbeidde vi på ulike måtar med nynorsken sin plass i skulen og prosjektet *Nynorsk leksikon*. Begge delar var oppfølging av *kulturmeldinga*. Vi tok også fatt på arbeidet med å planleggje tiltak fram mot *hundreårsjubileet til Noregs Mållag i 2006*. Andre større prosjekt:

*Nynorsk i skulen* blei den største og tyngste saka for Nynorsk kultursentrum til no. Ein første kontakt mellom utdanningsministeren og administrasjonen like før jul i 2003 blei følgt opp med møte med heile den politiske leiinga i departementet i januar. På grunnlag av dette utarbeidde administrasjonen to større dokument om kva som bør gjerast for å styrke nynorskopplæringa i skulen. Vi la særleg vekt på at det trengst tiltak ikkje berre for sidemålselevane, men også for hovudmålselevane. Målet var å vere med og leggje grunnlaget for ei nasjonalt samlande løysing om ei sak som ikkje toler årleg uro. Etter mykje diskusjon undervegs og med arbeids frå mange kantar resulterte dette i eit fleirtalsløysing i utdannings- og forskingskomiteen på Stortinget 16.6. som i hovudsak var tilfredsstillande og på nokre punkt god. Vi har i mindre aktiv form følgt det vidare arbeidet med utvikling av læreplanane, men lagt stor vekt på den nye nasjonale institusjonen som kjem i drift frå 1.1.2005: Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.

Prosjektet *Nynorsk leksikon* blei presentert på høyringar i både familie-, kultur- og administrasjonskomiteen og kommunalkomiteen på Stortinget, av oss eller av samarbeidspartnarar. I stortingshandsaminga 1.4. slutta stortingsfleirtalet seg til alle hovudpunktene i den språkpolitiske delen av kulturmeldinga, men utan forpliktande fleirtalsmerknader om dette prosjektet. I endringsframlegga sine til statsbudsjettet for 2005 streka Nynorsk Forum i oktober på ny under at Nynorsk leksikon er det viktige nye tiltaket. Eit solid grunnlag for det vidare arbeidet blei lagt med konferansen *Nynorsk innhald på Internett*, som vi arrangerte i Ivar Aasen-tunet 4. og 5. november 2004. Eit utvida referat frå konferansen blei publisert som eige småskrift (sjå 8.9).

Etter initiativ frå Sparebanken Volda Ørsta og i samarbeid med Voss sparebank og Voss mållag var Nynorsk kultursentrum med og sluttførte arbeidet med ei komplett nettbankløysing på nynorsk. Nynorsk Nettbank blei teken i bruk 11.11.

Vi sende to høyringsfråseigner i 2004. I høyringsfråsegn til Kultur- og kyrkjedepartementet 26.4. om Norsk språkråd la vi særleg vekt på at staten må klarare i sin språkpolitikk, at det nye organet bør vere eit språkpolitisk organ, at det nye organet må vere tydeleg forankra i statsforvaltninga, og at der bør finnast eit breitt samansett dialogforum mellom forskrarar og brukarar. I høyringsfråsegn til Justis- og politidepartementet om ny offentleglov 7.5. la vi mellom anna vekt på den rolla kunstnarleg sjølvstendige institusjonar spelar, at det må vurderast i kva grad ålmenta faktisk har innsyn i verksemda i kulturinstitusjonane i dag og om dette innsynet reelt vil bli utvida ved at ei ny offentleglov skal gjelde for desse institusjonane, og at verkeområdet for lova framleis er uklart.

Seinhaustes 2003 kom Nynorsk kultursentrum inn i det arbeidet som Nynorsk nettverk av lærarar i norsk for innvandrarar har etablert på Sunnmøre. Dette arbeidet heldt fram i 2004. Bakgrunnen er at innvandrarar har svært lite lærermiddel på nynorsk, og lærarane har tilsvarende lite å spele på. Som ein del av oppfølginga av årstale nr. 2 er det viktig å føre denne saka vidare som ei av dei viktigaste nynorsksakene.

Etter eit initiativ frå Time Mållag har det vore arbeidd med planar om eit Garborg-senter på Bryne. Sommaren 2004 låg det føre eit forprosjekt som vi gav våre merknader til i eit lengre brev 1.9. I merknadene la vi særleg vekt på behovet for eit klart nynorskperspektiv, arbeids- og rollefordeling i høve til vår institusjon, og mogleg samspel med andre eksisterande abm-institusjonar.

I brev til Kultur- og kyrkjedepartementet, Utdannings- og forskingsdepartementet, Utdanningsdirektoratet og Statistisk sentralbyrå 28.9. tok Nynorsk kultursentrum opp dei problema mangfull statistikk om målform i skulen skaper. Saka kom eit godt stykke vidare på eit møte med Kultur- og kyrkjedepartementet og Statistisk sentralbyrå i desember, og blir ført vidare vinteren 2005.

Dokumentasjonen *Språkpolitikk i partiprogramma* (sjå ovanfor) blei følgt opp med eit brev til alle partia 1.12. med framlegg til formuleringar om nynorsk-politikk 2005-2009 i partiprogramma for neste stortingsperiode.

Både gjennom arbeidet i Forum for nasjonale museer og i andre samanhengar la vi sterkt vekt på at norsk museumspolitikk framleis treng ein del museum som har ein nasjonal funksjon og løyser nasjonale oppgåver.

#### 8.4 Årets nynorskbrukar

Nynorsk kultursentrum deler kvart år ut prisen *Årets nynorskbrukar* til personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktisk arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk. Styret i Nynorsk kultursentrum er jury for prisen.

I 2004 gjekk prisen til *Side Brok* for utsøkt bruk av nynorsk og dialekt i ein norsk underhaldningsindustri der nynorsk som oftast er eit framord, og for evna til å gi unge språkbrukarar den sjølvtiliten til norsk språk som dei fortener.

Prisen var 25 000 kr, eit eksemplar av Dialektspelet og eit grafisk blad av Arne Nøst, og blei overrekt av ordførar Hans-Olav Myklebust frå Ørsta under opningshøgtida på Dei Nynorske Festspela 23.6.

Til no har desse fått prisen:

- 2000 Høgsterettsdomar Karl Arne Utgård, Hamar
- 2001 Hotelldirektør og visepresident i NHO, Gerd Kjellaug Berge, Selje
- 2002 Ringstabekk skole, Bærum
- 2003 Redaktør Martin Toft, Oslo
- 2004 Side Brok, Bergen/Oslo/København

## **8.5 Nynorskbasen**

Som ein del av arbeidet med *Nynorsk leksikon* har administrasjonen frå sommaren 2001 bygt opp *Nynorskbasen*, ein enkel database med nøkkelinformasjon om profilerte nynorskbrukarar. Ved utgangen av 2004 var det registrert informasjon om 2891 slike nynorskbrukarar. Det vil seie nesten 800 fleire personar enn ved førre årsskiftet. 16 % av personane i basen var kvinner. I 2004 blei denne databasen supplert med eit arkiv av leksikalske artiklar om nærmare 2500 personar frå ulike kjelder, for intern bruk.

## **8.6 Artikkellarkivet**

Like sidan opninga av Aasen-tunet i juni 2000 har vi brukt avisklipp i aktualitetshylla i utstillinga. Frå 2002 auka vi aktiviteten på dette feltet, og klipte òg ut andre artiklar og notisar, som saman med artiklar som har vore brukte i aktualitetshylla dannar Artikkellarkivet i Ivar Aasen-tunet. Ved årsskiftet hadde arkivet om lag 3230 utklipp, fordelt på nær 600 personar, institusjonar og organisasjonar. Ved førre årsskiftet inneheldt arkivet om lag 1650 utklipp.

Vi prioriterer artiklar om profilerte nynorskbrukarar: forfattarar, journalistar og andre mediearbeidarar, sentrale tillitsfolk eller tilsette i nynorskinstitusjonar, andre nynorskbrukande kulturpersonar, og nokre utvalde landsfemnande institusjonar og organisasjonar som bruker nynorsk.

I 2004 klipte vi fast frå Aftenposten, Bergens Tidende, Dag og Tid, Dagbladet, Firda, Hordaland, Jærbladet, Klassekampen, Sunnhordland, Sunnmørsposten og Vårt Land. I tillegg tek vi vare på artiklar frå andre aviser og frå ulike nettstader, dersom vi kjem over dei. Også eldre artiklar, som til dømes har vorte brukt i arbeidet med temautstillingar, blir tekne med i Artikkellarkivet. Arbeidet er tidkrevjande, og frå 2005 klipper vi frå færre aviser.

## **8.7 Publikumssørvis**

Også i 2004 heldt vi fast ved garantien frå 2000 om at vi svarar på relevante spørsmål innan 48 timer. Vi får ei rekke spørsmål frå publikum i Aasen-tunet, på telefon, på e-post eller i vanlege brev. Mange av spørsmåla er frå skulelevar som treng hjelp til oppgåver, oftast om Ivar Aasen. Det er òg vanleg at vi får spørsmål frå folk som leiter etter dikt eller tekstar der dei berre har nokre få ord eller verselinjer.

Bibliotekleiar, dokumentasjonsleiar og formidlingsleiar svarte på dei fleste av spørsmåla frå eksterne brukarar. Både spørsmål og svar blir tekne vare på slik at vi lett kan hente dei fram att ved behov.

## **8.8 Foredrag**

Ottar Grepstad: *Ei typisk veke i Aasen-tunets liv*. Kåseri på årsmøte i Hareid Mållag 25.2.

- : Festtale ved elevjubileum på Møre folkehøgskule i Ørsta 5.6.
- : Innleiing på ope møte om norsk språk i framtida, arrangert av Nynorsklaget i Tromsø 11.9.

– : *Den språklege lekkasjen*. Årstale nr. 4 om tilstanden for nynorsk skriftkultur, Ivar Aasen-tunet 29.9.

Marit Neergaard: Foredrag om Ivar Aasen på prosjektveke om Ivar Aasen ved Sandnes vidaregåande skule i Sandnes 15.3.

Alle foredragene var tilgjengelege som manuskript.

## 8.9 Småskrifter fra Ivar Aasen-tunet

Nynorsk kultursentrum ønsker ikke å bruke tid og pengar på å vere sin eigen forleggjar. Derimot har vi etter kvart sett eit behov for raskt å kunne spreie informasjon til definerte målgrupper. Sidemålsdebatten blei den utløysande faktoren for å lage ein enkel serie av småskrifter, produsert på kopimaskinen for rask produksjon, rask distribusjon, bruk og kast. Alle småskriftene blir også publiserte på [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no).

Serien *Småskrifter fra Ivar Aasen-tunet* skal innehalde artiklar, foredrag, notat, utgreiingar om aktuelle språkpolitiske og faglege spørsmål. Innhaldet står for forfattarens rekning. I 2004 kom det tre nummer i serien:

Ottar Grepstad: Nynorsk i opplæringa: kunnskap, kultur og kvalitet. Synspunkt til politisk leiing i Utdannings- og forskingsdepartementet. *Småskrifter fra Ivar Aasen-tunet nr. 1*. Februar 2004. 200 eks.

– : På parti med språket? Språkpolitikk i partiprogramma 1906–2005. *Småskrifter fra Ivar Aasen-tunet, nr. 2*. September 2004. 200 eks.

– , Eirik Helleve og Kirsti Langstøy: Nynorsk innhald på Internett. Grunnlag for handlingsplan 2005–2013. *Småskrifter fra Ivar Aasen-tunet, nr. 3*. November 2004. 200 eks.

## 8.10 Andre trykte og elektroniske skrifter

Ottar Grepstad: Nynorskens kulturelle plass i skulen. Kronikk i *Sunnmørsposten* 20.2.

– : Nynorskens kulturelle plass i skulen. Kronikk i *Adresseavisen* 2.3.

–: ”Kjeldene professoren valde bort”. *Dag og Tid* 27.11.

–: ”Liten språkhistorisk vegvisar”. *Norsk Kulturarv. Veiviseren. Kulturbihistorisk for Norge*. 3. utgåva 2004

–: ”A brief guide to the history of the Norwegian language”. *Norsk Kulturarv. Veiviseren. Cultural-historical guide to Norway*, 2004

–: ”Ein kleiner sprachgeschichtlicher Wegweiser”. *Norsk Kulturarv. Veiviseren. Kulturbihistorischer Führer für Norwegen*, 2004

– : ”Jakob Sandes kulturelle skorfeste”, i *Jakob Sande 2004*, s. 50-87, [Dale] 2004

Eirik Helleve: ” ’Det vert hugnadsame timar aa stella med desse saker’. Då

Hovdebygda fekk det fyrste personmuseet i landet”, *Møre-Nytt* 23.12.2003

– : ”Jakob Sande”, ”Per Sivle”, ”Bjarne Slapgard”, ”Olav Sletto”, i *Norsk biografisk leksikon*, band 8, Oslo 2004

## 8.11 Fagleg representasjon

Representantar for Nynorsk kultursentrum deltok på 45 eksterne tilstellingar i 2004, mot 33 i 2003:

- Møte med Hundreårsmerkinga Noreg 2005 i Aasen-tunet 16.1.: Eirik Helleve, Marit Neergaard, Janne Karin Støylen, Ottar Grepstad
- Open høyring om kulturmeldinga i Stortinget 19.1.: Kari Bjørke, Ottar Grepstad
- Kulturtorget i Molde 22.–24.1.: Marit Neergaard, Janne Karin Støylen
- Møte med politisk leiing i Utdannings- og forskingsdepartementet 28.1.: Ottar Grepstad
- Møte nr. 31 i Nynorsk Forum i Oslo 28.1.: Ottar Grepstad
- Møte i Forum for nasjonale museer i Horten 29.–30.1.: Ottar Grepstad
- Møte mellom Nynorsk Forum og Løvebakken Mållag i Oslo 3.2.: Kari Bjørke
- Seminar i Norsk språkråd i Oslo 12.2.: Kari Bjørke
- Møte om nynorsk i skulen med parlamentarisk leiar i Venstre i Oslo 4.3.: Ottar Grepstad
- Årsmøte i Ørsta reiselivslag i Ørsta 12.3: Marit Neergaard
- Prosjektveke om Ivar Aasen på Sandnes vidaregåande skule, start 15.3.: Marit Neergaard
- Seminar om forskingsprosjektet ”Nynorsk som sidemål” på Høgskulen i Volda 16.3.: Ottar Grepstad
- Fellesmøte i fylket med ABM-utvikling i Molde 17.3.: Eirik Helleve, Ottar Grepstad
- Møte med forprosjektet for Garborg-senter på Bryne i Aasen-tunet 24.3.: Janne Karin Støylen, Eirik Helleve, Ottar Grepstad
- Det 69. norske bibliotekmøte i Molde 24.3. –26.3.: Kirsti Langstøy
- Norsk Bibliotekforenings landsmøte i Molde 24.3.: Kirsti Langstøy
- Rådsmøte i BIBSYS i Molde 25.3.: Kirsti Langstøy
- Jordferd for Jostein Nerbøvik i Oslo 26.3.: Kari Bjørke, Geir Atle Ersland, Ottar Grepstad, Kristian I. Hanto, Eirik Helleve, Olaug Husabø, Grete Riise
- Årsmøte i Musea i Møre og Romsdal (MIMR) på Ishavsmuseet på Brandal 22.4.: Eirik Helleve
- Kulturkveld om Jostein Nerbøviks forfatterskap i Ivar Aasen-tunet 22.4.: Kari Bjørke, Ottar Grepstad, Eirik Helleve
- Landsmøte i Noregs Mållag i Ålesund 24.–25.4.: Kari Bjørke, Ingrid I. Opdal
- Møte med ABM-utvikling i Oslo 27.4.: Eirik Helleve, Ottar Grepstad
- Elevjubileum ved Møre folkehøgskule i Ørsta 5.6.: Ottar Grepstad
- Møte med Jon Fosse om Fosse-arkivet i Bergen 9.6.: Ottar Grepstad
- Møte med Nasjonalbiblioteket om illustrasjonsarkivet til Norsk Allkunnebok i Oslo 15.6.: Ottar Grepstad
- Møte med Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening om vidare fagleg samarbeid i Oslo 16.6.: Ottar Grepstad
- Møte med Høgskulen i Volda om kompetansesenter for kulturproduksjon og kulturformidling i Volda 19.8.: Marit Neergaard og Ottar Grepstad

- Møte med Bærum kommune og Bærum Mållag i Ivar Aasen-tunet 19.8.: Marit Neergaard, Janne Karin Støylen og Ottar Grepstad
- Møte i Nynorsk Forum i Oslo 26.8.: Ottar Grepstad
- Opning av Nynorsk mediesenter i Førde 2.9.: Ottar Grepstad
- Arne Apelseths dr. art.-disputas i Bergen 3.9.: Ottar Grepstad
- Årsmøte og landsmøte i Norges museumsforbund i Kristiansand 8.–10.9.: Ottar Grepstad
- Konferansen ”Gi rom for lesing – den aktive elev” i Molde 13.–14.9.: Marit Neergaard og Janne Karin Støylen
- Eirik Vandvik-matiné i regi av Bærum mållag, med innlagt opning av temautstillinga ”Klassisk kulturarv”, Bekkestua 25.9.: Eirik Helleve
- Møte med Norsk Ordbok 2014 i Oslo 13.10.: Ottar Grepstad
- Møte i Forum for nasjonale museer på Kongsvinger 14.–15.10.: Ottar Grepstad
- Eirik Vandvik-dagar, med innlagt opning av temautstillinga ”Klassisk kulturarv”, Sand i Ryfylke 15.–17.10: Eirik Helleve
- Seminaret ”Nynorsk i Clemet-skulen,” arrangert av Noregs Mållag i Bergen 23.–24.10.: Grete Riise
- Møte i Nynorsk nettverk for opplæring av framandspråklege på Hareid 2.11.: Ottar Grepstad
- Konferansen ”Nynorsk innhald på Internett” i Ivar Aasen-tunet 4.–5.11.: Ottar Grepstad, Eirik Helleve, Kirsti Langstøy
- Årskonferansen ”Festivaler som kunstarena” arrangert av Norsk kulturråd i Tromsø 16.–17.11.: Ottar Grepstad
- Møte med Volda og Ørsta kommune om mogleg utvida økonomisk samarbeid om Dei Nynorske Festspela i Aasen-tunet 26.11: Kari Bjørke, Christel Siem, Ottar Grepstad
- Seminar for samarbeidspartnarar i Hundreårsmarkeringa Noreg 2005 i Oslo 29.11.: Marit Neergaard
- Regionalt nettverksmøte for Den kulturelle skulesekken i Ørsta 2.12.: Marit Neergaard
- Møte i Forskarnettverk for nynorsk skriftkultur i Oslo 3.12.: Eirik Helleve
- Møte med Kultur- og kyrkjedepartementet og Statistisk sentralbyrå om skulestatistikk i Oslo 9.12.: Ottar Grepstad

## 9. Utstillingar

Utstillingar auka omsetninga med 97 % frå 229 000 kr i 2003 til 451 000 kr i 2004. Medrekna i denne auken er ein fast prosentdel av statstilskotet, som frå og med 2004 blei fordelt på dei ulike avdelingane.

Resultatet blei eit overskot på 163 000 kr i 2004 mot eit underskot på -77 000 kr året før. Også denne summen må sjåast i samband med at avdelinga fekk overført ein mindre del av statstilskotet.

## 9.1 Basisutstillinga

Utstillingane i Ivar Aasen-tunet skal vere levande og dynamiske. Alle skal oppdage noko nytt, også dei som vitjar utstillingane fleire gonger. Det blir difor misvisande å omtale basisutstillinga som ferdig, men inngrepa i utstillinga blir no omtalte som endringar, ikkje som ferdiggjering. Kvar dag er det noko nytt i utstillingane i form av dagens sitat og ferske utgåver av nynorskredigerte aviser.

I *aktueltshylla* kjem skifta med ujamne mellomrom. Gjennom året var delar av hylla brukt til temautstillingar. I 2004 la vi fram nær 90 avisklipp og eigne tekstar om ulike emne. Dei viktigaste og største emna var desse:

- 30.1. Magne Skodvin død
- 18.3. Jostein Nerbøvik død
- 30.8. Ny biografi om Olav H. Hauge
- 27.9. Einar Førde død
- 17.11.- Ordskiftet rundt *Brennbart* av Kjartan Fløgstad

Jostein Nerbøvik blei også heidra med ei lita minneutstilling i Norheim-rommet.

## 9.2 Temautstillingar

I rommet for temautstillingar viste vi i 2004 fire utstillingar: Dette året blei det laga to nye utstillingar, og Aina Griffin var som vanleg formgivar:

- 1.1. – 23.6. *Mannen som kristna landsmålet*: Elias Blix (reprise)
- 24.6. – 29.8. *NY Musikken i språket*. Frode Grytten, festspeldiktar 2004
- 30.8. – 3.11. *Ei røyst som er mi*: Einar Økland, festspeldiktar 2001 (reprise)
- 4.11 – 31.12. *NY Klassisk kulturarv*. Liner frå Europa til den norske bokheimen

Temautstillingane blir henta fram att etter behov slik at dei kan bli sett av flest mogleg, og slik at basisutstillinga jamleg er i endring. Ved utgangen av 2004 har vi produsert fjorten temautstillingar. Regelen er at kvar temautstilling har tolv plansjar, men dette året har vi hatt to unntak:

Utstillinga *Klassisk kulturarv* blei laga etter eit initiativ frå Eirik Vandvik-nemnda, som koordinerte markeringa av at det var 100 år sidan Eirik Vandvik blei fødd. Vi fekk tilskot frå Vandvik-nemnda til å lage denne utstillinga, som blei produsert i to sett, kvar på 18 plansjar. Det eine settet er langtidsdeponert ved kulturhuset i Suldal. Utstillinga blei første gong vist på Bekkestua bibliotek i Bærum 25. september.

To veker i oktober og november var vi på skuleturné i Romsdal og på Nordmøre. Til desse skulebesøka laga vi utstillinga *Det undrande språket*, som er sett saman av sju rullebanner. Dette formatet passar mykje betre for slike arrangement – utstillinga kan monterast og demonterast på få minutt.

### **9.3 Forfattarpresentasjonar**

I Forfattarrommet i basisutstillinga presenterer vi heile tida ni forfattarar. Kvart år blir nokre av dei skifta ut. I 2004 kom fire nye forfattarar inn:

- 23.6. Marit Tusvik inn, Jon Fosse ut
- 23.6. Olav Aukrust inn, Erna Osland ut
- 17.11. Are Kalvø inn, Tarjei Vesaas ut
- 17.11. Per Sivle inn, Hulda Garborg ut

Til kvar forfattar samlar vi artiklar, intervju og bokmeldingar i ein perm. Permen blir seinare tilgjengeleg i biblioteket, resten av det innsamla materialet blir plassert i artikkellarkivet. Vi låner òg inn gjenstandar som kan knytast til dei ulike forfattarane.

Så langt har i alt 21 forfattarar blitt presenterte i forfattarrommet.

### **9.4 Vandreutstillingar**

Temautstillingane er spesiallaga til eit rom i utstillinga, men har likevel eit format som gjer det lett å frakte dei og vise dei fram andre stader. Tidlegare år har vi berre kontakta låntakarar som har vore relevante for dei ulike utstillingane, men i november 2003 laga vi ein brosjyre der vi presenterte dei elleve temautstillingane vi har laga. Dette førte til ein stor auke i talet på utlån, og vi ser i alle fall to gledelege tendensar: Tidlegare låntakarar kjem gjerne attende og tingar nye lån, noko som viser at utstillingane fungerer godt også utanfor Ivar Aasen-tunet. Vidare har biblioteka blitt gode låntakarar, og biblioteka i Vest-Telemark organiserte på eige hand ei eige reiserute for ei av utstillingane våre der.

I 2004 blei sju av utstillingane viste på 19 stader i åtte fylke. Alle visingsstadene har ikkje like gode rutinar for å telje vitjarar. Det er til dømes vanskeleg for eit bibliotek å opplyse om kor mange som har sett utstillinga der. Berre fem av lånarane har difor rapportert om tal på publikum, og hos desse har 4600 sett utstillingane. Det reelle talet er mykje høgare, og vandreutstillingane har dermed eit høgare gjestetal enn dei faste utstillingane i Ivar Aasen-tunet.

#### *Den som diktar, byggjer bruer*

- 1.9. – 1.10. Fræna bibliotek, Fræna, Møre og Romsdal
- 1.11. – 30.11. Kvinnherad bibliotek, Husnes, Hordaland

#### *Kaffikoppens kulturelle kraft*

- Ulike stader, i regi av Norske Lagsbruk
- 29.2. – 3.7. Meieriet kulturhus, Odda, Hordaland

#### *Klassisk kulturarv*

- 18.9. – 6.10. Bekkestua bibliotek, Bærum, Akershus
- 15.10. – Kulturhuset i Sand, Suldal, Rogaland

#### *Musikken i språket*

- 1.9. – 31.12. Det Norske Teatret, Oslo

### *Songen om kysten*

7.5. – 7.6.	Averøy bibliotek, Averøy, Møre og Romsdal
10.6. – 31.8.	Fræna bibliotek, Fræna, Møre og Romsdal

### *Striper, ruter, bobler*

25.2. – 31.5.	Voss folkemuseum, Voss, Hordaland
26.2. – 4.3.	Kviteseid bibliotek, Kviteeid, Telemark
29.2. – 7.3.	Meieriet kulturhus, Odda, Hordaland
7.3. – 21.3.	Seljord folkeboksamling, Seljord, Telemark
22.3. – 16.4.	Nissedal folkebibliotek, Treungen, Telemark
21.4. – 23.4.	Vinje folkebibliotek, Vinje, Telemark
1.5. – 30.6.	Kvinnherad bibliotek, Husnes, Hordaland
15.6. – 15.8.	Namdalsmuseet, Namsos, Nord-Trøndelag
7.7. – 30.9.	Averøy bibliotek, Averøy, Møre og Romsdal
9.8. – 23.8.	Årdal bibliotek, Årdal, Sogn og Fjordane

### *Tre forfattar – mange fantasiar*

1.9. – 30.10.	Kvinnherad bibliotek, Husnes, Hordaland
---------------	---

I tillegg til desse 19 låna har utstillinga om kaffistover vore vist fleire stader enn Odda. Desse låna har vore i regi av Norske Lagsbruk, som leverer rapport og reiserute etter at utstillinga truleg kjem attende til Aasen-tunet i 2005.

Sidan 2000 har vi i alt hatt 34 utlån av utstillingar i 13 fylke. Flest utlån har det vore av *Striper, ruter, bobler*.

## 9.5 Skuletilbod

Alt frå opningssesongen hadde Nynorsk kultursentrum skuletilbod for alle klassesteg frå barnehage til VK2 i vidaregåande skule. Dette skuletilbodet har vorte revidert og utvida, og inneheld no 15 ulike opplegg:

Barnehage	Leit og leik
1. klasse	Ein skuledag i gamle dagar
2. klasse	Ut i naturen
3. klasse	Ivar Aasens oppvekstår
4. klasse	Teikneseriar
5. klasse	Dikt
6. klasse	Ivar Aasen og innsamling av dialektar
6. klasse	Det ligg mellom linjene – Sverre Fehn
7. klasse	Den lokale skriftkulturen
8. klasse	Ivar Aasens verk
9. klasse	Språk, skrift og teikn
10. klasse	Skulen som språkleg slagmark
Grunnkurs	Sosiale endringar i språket
VK1	Skriftlege massemedium
VK2	Dialektar

47 grupper med til saman 1094 elevar brukte skuletilboda i Ivar Aasen-tunet i 2004, mot 61 grupper med 933 elevar i 2003. Nokre av desse elevane er ikkje registrerte som skuleelevar i besøksstatistikken. Dette gjeld mellom anna partnarskapsklassen vår frå Ørsta ungdomsskule, som har vore her fleire gonger, men har fått gratisbillettar. Mange skuleklassar deltek i tillegg gjennom året på kulturarrangement som er særskilt retta mot dei. Skuleelevane blir då registrerte som enkeltgjester på arrangement. I 2004 utgjorde desse 843 av arrangementsgjestene. 565 av desse var deltakarar på det oppsökande skuletilbodet om språk og identitet, "Det undrande språket". Dette tilbodet er ein del av samarbeidsprosjektet med Hundreårsmarkeringa Noreg 1905-2005, og vart gjennomført over to veker på 13 ungdomsskular i Romsdalen og på Nordmøre hausten 2004 (sjå 10.2).

I tillegg til skuleelevane hadde vi besøk av fire studentgrupper med 82 studentar, mot 165 studentar i 2003. Desse blir registrerte som enkeltgjestar med studentrabatt, eller som grupper dersom dei er fleire enn 15. Studentgruppene bruker gjerne nokre av tilboda retta mot grunnskulen.

Skuletilboda ligg ute på nettstaden og blir i tillegg sende til skulane på søre Sunnmøre og i Nordfjord kvart semester. Skulane kan velje fritt mellom dei ulike tilboda, eller dei kan be om spesialtilpassa opplegg. Mange klassar ber om opplegg som inneheld meir enn eitt tema.

Vi ønskjer ei fastare samarbeidsform med skulekontora og skulane i begge vertskommunane, gjerne knytt til eit godt tilbod om skyss, og håpar den kommunale delen av Den kulturelle skulsekkjen kan hjelpe til med dette neste skuleår.

## 10. Arrangement

I 2004 gjennomførte vi 186 arrangement mot 175 året før. Så mykje har vi aldri gjort på eitt år før. Av dette var 128 arrangement i eigen regi, mot 115 i 2003. På dei 186 arrangementa hadde vi til saman 14 400 gjester, vel 2000 meir enn i 2003.

Nynorsk kultursentrum var ein aktiv arrangør og samarbeidspartner mange stader i landet også i 2004. Av dei 186 arrangementa vi stod for sjølve, blei heile 52 avvikla andre stader enn i Aasen-tunet. Det har vore og vil framleis vere eit mål for oss å stimulere til auka nynorsk kulturproduksjon og aktivitet i heile landet.

### **10.1 Dei Nynorske Festspela**

Dei Nynorske Festspela auka omsetninga med 11 % frå 977 000 kr i 2003 til 1 086 000 kr i 2004. Målet var overskot, men trass i eit stramare økonomisk regime blei resultatet eit underskot på -75 000 kr i 2004 mot -226 000 kr i 2003.

Festspela blei ein folkefest fem dagar på rad. Mykje kan enno bli betre, men for oss var dette dei beste Festspela vi har gjennomført. Dei siste åra har vi etablert den lokale forankringa som må til for å utvikle arrangementet vidare som ein nasjonal arena. Til skilnad frå musikkfestivalane, som i stadig større grad blir ein del

av den nasjonale eller internasjonale musikkindustrien, har ein litteratur- og musikkfestival som Dei Nynorske Festspela eit kritisk blikk på sitt eige emne. Den språkpolitiske sida av saka kom likevel ikkje godt nok fram, og på dette punktet vil Festspela endre karakter i åra som kjem.

Vi avgrensa talet på arrangement dette året, og rekna difor også med at gjestetalet ville gå ned. Vel 6000 personar gjesta Festspela i 2004 mot 7000 året før. Den nedgangen er ikkje noko problem all den tid salet på selde billettar heldt seg på same nivået som i 2003.

Temaet i 2004 var ”Skrift”. Ein del gode programpostar bygde oppunder dette emnet, men emnet blei ikkje utnytta så godt som det kunne ha vore, og festspeltemaet bør bli tydelegare seinare år.

Frode Grytten var festspeldiktar, og festspeldiktaren prega programmet meir enn nokon har gjort før han. Dermed fekk også Dei Nynorske Festspela eit sterkare litterært preg dette året.

Musikalsk plasserte urframføringa ”Saman i gaman” med Gabriel Fliflet og hans likemenn seg svært høgt på lista over store festspelstunder. Publikumsrekorden stod Side Brok for på heimebane då 450 kom på konserten deira i uteramfiet: ”Me heite’ Side Brok, og me kjem’e herifrå.” Programprofilen var også meir internasjonal enn før ved at utøvarar frå nesten alle dei nordiske landa, og meir til, var med.

Dei faste innslaga, så som Ivar Aasen-minneforedraget og Aasen-stemnet, spela ei viktig rolle i programmet. Dette året blei Festspela avslutta med ein særsvellykka ekkokonsert er Brazz Brothers gjorde fjellveggane kring Bjørkedalsvatnet til ein overraskande artist. Det var første gongen ekkokonserten blei arrangert der. Også fleire andre nye scener blei tekne i bruk, og det med godt resultat, ikkje minst for dei mange lokale medarrangørane og ein stab på om lag 35 friviljuge.

For framtida til nynorsken har det meir å seie at fleire barn enn nokon gong før var med på Festspela i år. Dei Nynorske Festspela er viktige for verksemda vår både ut frå omsetning i kafé og butikk, merksemrd i pressa og samla gjestetal. Vi har i fleire år vore avhengige av vesentleg større basistilskot for å kunne utvikle denne festivalen trygt vidare, og for å spreie betre den risikoen eit slikt arrangement ber i seg.

Festspela er no etablerte som ei merkevare som både publikum, utøvarar og presse kjenner tillit til. Festspela står no støtt og fast som eit lokalt og nasjonalt arrangement. Dei har funne ei form som både publikum og utøvarar ser ut til å trivast med. No står det att å styrke det økonomiske grunnlaget for arrangementet og dermed sikre rom for vidare utvikling. Dette arbeidet tok til på eit drøftingsmøte med vertskommunane hausten 2004.

Komplett program for Dei Nynorske Festspela 2004 ligg ved årsmeldinga.

## 10.2 Kulturprogram vår og haust

Etter ein nedgang i 2003 auka omsetninga for opne arrangement utanom Festspela med 14 % frå 567 000 i 2003 til 649 000 kr i 2004. Billettsalet til desse arrangementa minka derimot frå 300 000 kr i 2003 til 230 000 kr i 2004. Med

reduserte kostnader gav dette eit resultat på 52 000 kr, mot eit underskot på -89 000 kr i 2003.

I 2004 gjennomførte vi eit vår- og haustprogram med 82 arrangement mot 62 i 2003. Vårprogrammet blei gjennomført frå 25.1. til 11.6., haustprogrammet frå 5.8. til 5.12. Dei uvanleg lange sesongane var eit eingongstilfelle for 2004.

Kulturprogrammet er viktig for den allmenne marknadsføringa av institusjonen og verksemda vår, genererer inntekter i både butikk og kafé, jamnar ut besøket over tid, set oss i stand til å nå ut til fleire målgrupper enn om vi hadde satsa mest på utstillingar og gjer sitt til å halde oppe dei verdiane nynorsk språk- og kulturtradisjon representerer.

Vårprogrammet hadde eit særleg sterkt tilbod til barn, unge og barnefamiliar. Musikalske høgdepunkt var konsert med Andersen/Dahl/Héral Trio og lansering av cd-plate med Ruth Olina Lødemel. Særleg sterke kjensler var knytte til ”Mild og myndig”, Jostein Nerbøviks kveld i tunet, som også var ei viktig markering av innsatsen hans for Ivar Aasen-tunet.

I haustprogrammet heldt vi fram satsinga på unge, no med ein omfattande turné til tretten ungdomsskular i Romsdal og på Nordmøre. Her var over 600 ungdomsskulelevar og lærarar med på kulturprogrammet ”Det undrande språket”, utvikla med midlar frå Hundreårsmarkeringa Noreg 2005. Uvanleg vellykka var også samarbeidet med Volda Filmteater om filmen ”Fahrenheit 9/11”. Eit fagleg tyngdepunkt og kulturpolitisk svært viktig arrangement var arbeidskonferansen ”Nynorsk innhald på Internett”.

Å vere samarbeidspartnar fleire stader i landet inneber ikkje at Nynorsk kultursentrum tek mål av seg til å bli ein turnéorganisasjon. Førebelser har vi likevel stått for ein del arrangement andre stader. Det har vi gjort for å vinne røysle med dette for så å kunne vere produsent for andre turnéorganisasjonar seinare. Vi har også gjort det for å sikre at der er eit breitt tilbod av arrangement med nynorsk innhald, og for å vise i praksis kva det inneber å vere ein nasjonal institusjon. Ungdomsskuleturneen er eitt døme på dette. Eit anna døme er engasjementet vårt i høve hundreårsjubileet for Eirik Vandvik, der Suldal var midtpunktet.

Ivar Aasens 191. fødselsdag 5.8. blei markert med fjelltur til Helgehornet der Sylfest Lomheim var språkleg turførar, og med ungarsk korkonsert i tunet etterpå. Sylfest Lomheim la ned blomar ved Ivar Aasen-bautaen.

Komplett kulturprogram for vår- og haustsesongen ligg ved årsmeldinga.

## 11. Kafé og butikk

Etter den rekordhøge omsetninga i butikken og kafeen på 1 168 000 kr i 2003 fall omsetninga med 16 % til 976 000 kr i 2004. Dette er likevel blitt ein viktig og integrert del av det samla publikumstilbodet vårt.

## **11.1 Kafé og utleige**

Omsetninga i *kafeen* minka med 17 % frå 752 000 kr i 2003 til 624 000 kr i 2004. Den eine viktige årsaka til nedgangen er nok at vi i 2003 hadde fire store utleigearrangement som genererte stor omsetnad i kafeen og også ein del i butikken. 2004 har vore eit meir jamt år på dette området. Den andre årsaka er at tilbodet om søndagsmiddagar i kafeen er blitt mindre og mindre brukt når det ikkje har vore andre aktivitetar i tunet. Dessutan hadde vi færre søndagsarrangement i tunet, med den effekten det hadde for kaféomsetninga. For å redusere kostnadene valde vi mot slutten av året å avslutte dette søndagstilbodet på regelmessig basis.

Kafeen skal framleis alltid ha eit mattilbod når Ivar Aasen-tunet er ope. Tilbodet er ein del av varemerket til Ivar Aasen-tunet: høg kvalitet på maten, bruk av gode råvarer og minimalt med halvfabrikata, og varierande meny. I staden for middag tilbyd vi no smakfulle smårettar, i tillegg til kaker, kjeks og eit utval av moderne kaffi- og sjokoladedrikkar.

Sesongane varierer så mykje at det er vanskeleg å reindyrke éin stil, men vi prøver å kombinere det tradisjonelle med det moderne. Vi har utvikla ein eigen gruppemeny, og også ein meny med to- og trerettarsmiddag for ulike typar selskap. Også i 2004 var det eit nært samarbeid mellom programansvarleg og kjøkkenleiar om kafétilbod som høvde for dei ulike kulturarrangementa.

*Utleige* er blitt ein viktig del både av drifta og den allmenne marknadsføringa av institusjonen. Utleige er som regel kombinert med servering og gir dermed gode inntekter til kafeen. Ivar Aasen-tunet er ein møte- og kursstad som skil seg ut frå alle andre tilbod i regionen. Salen har synt seg å fungere svært bra som møte-, kurs- og konferanselokale. Både offentlege og private institusjonar og bedrifter nytta seg av tilbodet vårt i 2004. Kafeen blei også brukt i høve konfirmasjonar, sølvbryllaup og årsdagar. 58 grupper, lag, bedrifter og institusjonar tinga servering, omvising og/eller lokale til møte, kurs og seminar i 2004, mot 60 i 2003. Før årsskiftet kunne vi avslutte arbeidet med ein salsbrosjyre for utlegetilboda våre. Denne blir spreidd vinteren 2005.

## **11.2 Butikk**

I butikken minka omsetninga med 18 % frå rekordhøge 416 000 kr i 2003 til 352 000 kr i 2003. Av dette utgjorde boksal 154 000 kr eller 44 %. Det var som vanleg godt boksal under Dei Nynorske Festspela, og i juli var salet av bøker høgare enn i fjor. Vi prøver å ha eit breitt utval av nynorsk litteratur, med særleg fokus på Aasen- og nynorskrelaterte bøker, nynorske barnebøker og bøker av forfattarar som gjestar Ivar Aasen-tunet i ulike samanhengar. *Ivar Aasens beste* og den nye utgåva av *Ordtak i utval* er framleis listetoppar. Også hos oss er kokebøker blitt ei vare som går. Eit nytt satsingsområde er lydbøker på nynorsk for born, men utvalet frå utgivarane er diverre lite.

Vi heldt fram satsinga på eigenutvikla varer i butikken, med godt resultat. Årets festspelkrus med originaltekst av Frode Grytten gjekk godt. Det same gjorde det nyutvikla teikne- og aktivitetsheftet om grisens som står og hyler. Hulda-forklelet er framleis eitt av dei mest unika produkta våre, og det interaktive dataspelet

*Dialektspelet*, utgitt i salsversjon i 2002, selde bra også i 2004. Nettbutikken og arbeidet med å forbetre eksponeringa av varene makta vi ikkje å prioritere i 2004.

## 12. [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no)

I 2004 passerte for første gong gjestetalet på nettstaden 200 000 på eitt år og enda på 219 843, mot 119 105 året før. For kvart år har nettstaden fått mange nye brukarar. Hausten 2004 var i gjennomsnitt over 4500 innom kvar veke. Det var omlag like mange som vi hadde på ein heil månad halvanna år tidlegare.

### **12.1 Besøk og bruk**

Nettstaden [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) blei opna 26.4.2000, to månader før den offisielle opninga av Ivar Aasen-tunet. År for år har vi bygt ut nettstaden i retning av målet om at dette skal vere den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur, og tek sikte på at den skal vere betre enn gjengs offentleg standard for nettstader. Nynorsk kultursentrum tok i 2002 over [www.garborgnett](http://www.garborgnett) frå Stiftinga Garborg-året 2001. Denne nettstaden var utvikla spesielt med tanke på tilbod og aktivitetar i skulen. Det har heller ikkje i 2004 vore kapasitet til å arbeide særskilt med denne.

Statistikken viser at dei fleste brukarane kjem inn på nettstaden gjennom søkemotorar som til dømes Google og Kvasir. Det er særleg fagstoffet i Nettbiblioteket, dvs. stoff om Ivar Aasen og andre nynorskforfattarar, som blir lese. Det kan tyde på at mange studentar, lærarar og andre fagfolk finn eit tilbod på [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) som dei ikkje finn andre stader.

Statistikken viser også at kvar nettgjest gjennomsnittleg berre ser på 2,2 sider på nettstaden. Dette tyder på at dei som kjem inn gjennom søkemotorane, finn det dei har søkt etter, og sidan går bort frå nettstaden igjen. Det er derfor ei viktig utfordring framover å halde på dei gjestane vi har, gjennom at dei kan finne meir og anna interessant informasjon når dei først er innom.

Ved utgangen av 2004 var om lag 1900 dokument tilgjengelege på nettstaden. Det var 130 % fleire enn eitt år tidlegare. Dagens Ord-arkivet inneheldt ved årsskiftet om lag 300 ord.

### **12.2 Nettbiblioteket**

Nettbiblioteket er ein viktig del av vår dokumentasjon i digital form. Biblioteket skal innehalde sentrale og kuriøse tekstar frå heile historia til den nynorske skriftkulturen. Til no har vi konsentrert publiseringa om tekstar som har falle i det fri opphavsrettsleg, dvs. av forfattarar som døydde før 1934. Ved utgangen av 2004 var det 935 tekstar av eller om 123 forfattarar i Nettbiblioteket. Til dette kjem *Skriftir i Samling I-VII* av Arne Garborg, og ei mengd bøker og tekstar av Ivar Aasen. Nettbiblioteket auka dermed med om lag 100 tekstar frå året før.

## 13. Informasjon

Dei samla salskostnadene i 2004 var på 568 000 kr mot 523 000 kr i 2003. Vi følgde stort sett etablert praksis for annonsering og produksjon og distribuering av trykksaker, men brukte mindre på riksdekkjande marknadsføring enn åra før.

Administrasjonen har også i 2004 praktisert open informasjon og svara på alle dei spørsmåla som har kome. Styresmaktene slo i 2000 fast at offentleglova ikkje gjeld for oss. På eige initiativ praktisere vi frå og med 2004 offentleglova så langt den høver, blant anna med offentleg tilgjengeleg postjournal. Det er også viktig å ta omsyn til arkivlova med tanke på det privatarkivet Aasen-tunet representerer. Dette har vore med og forbetra interne rutinar.

### **13.1 Presse og kringkasting**

Nynorsk kultursentrums fører ein aktiv informasjonspolitikk med pressemeldingar og annonsar i samband med alle arrangement. Det blir også sendt ut pressemeldingar om sentrale kulturpolitiske spørsmål og fagartiklar til dagspresse og tidsskrift. I alt sende Nynorsk kultursentrum ut om lag 60 pressemeldingar i 2004 mot 50 året før. Dei aller fleste av desse blei også publiserte på nettstaden.

I samband med lanseringane av kultur- eller festspelprogramma blir det av og til gjort avtale med utvalde redaksjonar om besøk frå programansvarleg eller informasjonsleiar.

### **13.2 Trykksaker**

I 2004 gav vi ut to nummer av meldingsbladet *Symra*. Dei kom i januar og september med eit opplag på om lag 10 000 kvar, og inneholdt smånotisar og oversyn over kulturprogrammet. Som før om åra blei bladet distribuert både etter faste adresselister og til alle husstandane i Ørsta og Volda.

Dei Nynorske Festspela hadde i 2004 same grafiske profilen på alle trykksakene. Fuglefjellet v/Ingvild Mork var formgivar for både plakat, programavis, brusetikettar og annonsemalar. I tillegg blei det laga t-skjorter med festspelmotiv.

Programmagasinet var som tidlegare år ei eigenprodusert avis i tabloidformat, 24 sider i fire fargar. Avisa blei trykt i 41 000 eksemplar og distribuert som istikk i heile opplaget til Sunnmørsposten fredag 4.6., dessutan etter våre eigne adresselister.

Det blei også sendt ut ein eigen programfaldar til alle husstandane i Volda og Ørsta, i form av ei ekstrautgåve av *Symra*.

Festspelplakaten blei trykt i 500 eksemplar og m.a. send til bibliotek, kulturhus og rådhus i utvalde kommunar

### **13.3 Annonsering**

Alle kulturarrangement blei annonserete i lokalavisene i Ørsta og Volda, i fleire halvsidesannonsar i Sunnmørsposten, einkilde andre lokalaviser på Sunnmøre og i Dag og Tid.

I samband med Dei Nynorske Festspela blei det i 2004 mindre riksannonsering og meir lokal annonsering enn året før. Heile programoversynet blei mellom anna publisert i både Sunnmørsposten og Regionavisa.

Vi var også i 2004 med i Ørsta Reiselivslag si marknadsføring av regionen, og hadde både redaksjonell omtale og eigne lysingar i deira trykksaker. Vi var dessutan med i to-tre nettkatalogar med oversyn over museum og/eller kulturreisemål.

### **13.4 Reiselivssamarbeid**

Nynorsk kultursentrum har vore medlem i Ørsta reiselivslag sidan 2000. Frå 1.1.2004 blei vi også medlem i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre. Gjennom desse medlemsskapane har vi mellom anna vore med i FjordNorge sine katalogar over reisemål, i tillegg til at Ivar Aasen-tunet er nemnt som reisemål i brosjyrar og anna trykt materiell frå reiselivslaga.

I januar 2004 var vi med på Reiselivsmessa på Lillestrøm i samarbeid med Ørsta reiselivslag. Erfaringa etter messa var positiv i og med at vi blir synlege i reiselivs-Noreg, men det er vanskeleg å måle effekten.

Saman med andre reiselivsbedrifter i Ørsta og Volda var vi med på ei lokal yrkesmesse for tiandeklassingar i januar. Vi marknadsførte dessutan Festspela under Norsk kulturhelg i Oslo ultimo mars og på landsmøtet i Noregs Mållag i Grimstad primo april.

## **14. Besøk**

Nynorsk kultursentrum hadde 18 809 gjester i 2004 mot 18 401 gjester i 2003 og 19 090 i 2002. Dette var 11 % meir enn budsjettet. Gjestetalet har så langt vore svært stabilt frå år til år.

6100 gjesta utstillingane, mens 12 300 var til stades ved arrangement. Arrangementa har stått for ein aukande del av gjestene over fleire år. I 2004 utgjorde såleis utstillingsgjestene 24 % av det samla gjestetalet mot 33 % i 2003.

Sidan opningssesongen 2000 har Nynorsk kultursentrum til no hatt 94 000 gjester. På nettstaden hadde vi 16.11. gjest nr. 500 000.

### **14.1 Gjesteprofil**

30 museumseiningar i Møre og Romsdal rapporterte i 2003 om eit samla besøk på 252 000 (nyare tal ligg ikkje føre enno). Av desse var 160 000 betalande. Nynorsk kultursentrum stod for 7,3 % av det samla gjestetalet ved musea i fylket. Vi hadde også dette året høvesvis fleire betalande gjester enn det som er vanleg ved norske museum, medan gruppegjester utgjorde ein lågare prosentdel enn gjennomsnittet i

både fylke og for heile landet. Vaksne gjester utgjorde ein større del av samla gjestetal enn gjennomsnittet for andre museum, men ein større del av gjestene våre fekk eit pedagogisk tilbod enn det som er vanleg.

I 2004 gjesta 3968 barn og unge tilboda våre. Det vil seie at kvar femte gjest hørde til i denne aldersgruppa. Dette er også profilen over tid. Sett under eitt sidan opninga i 2000 utgjer barn og unge bort imot 25 % av det samla gjestetalet. Kor mange barn og unge som bruker tilboda våre på nettstaden, er ukjent.

Om lag 2300 av gjestene i 2004 deltok på 126 bestilte omvisingar knytte til ulike tema. Av desse var 75 vaksne grupper, fire studentgrupper og 47 skuleklassar. Året før hadde vi 2600 gjester på 143 omvisingar; av dette var 61 skuleklassar. I sommarsesongen fekk gjestene tilbod om omvising i tunet kvar heile time.

**Tabell 1**

**Gjesteprofil etter aktivitet og år 2000-2004**

	<b>2000</b>	<b>2001</b>	<b>2002</b>	<b>2003</b>	<b>2004</b>
Kulturprogram	12	28	30	22	29
Festspela	27	20	29	38	32
Utleige	8	10	10	13	18
Utstillinger	52	42	31	27	22
<b>Sum</b>	<b>99</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>101</b>

Tabell 1 syner at gjesteprofilen endrar seg med tida. Samanlikna med 2003 var ein større del av gjestene i 2004 med på utleigearrangement eller kulturprogram, medan hovesvis færre tok del i festspel og utstillinger.

**Tabell 2**

**Gjester etter sesong 2000–2004**

	<b>Vår</b>	<b>Sommar</b>	<b>Haust</b>
2000		66	34
2001	31	41	28
2002	24	45	31
2003	17	51	20
2004	23	50	27

Tabell 2 syner ei jamnare fordeling mellom sesongane enn det som er vanleg ved slike institusjonar. Det gjer det lettare å styre drifta og utnytte ressursane optimalt, men inneber også at arbeidspresset er ganske jamt året gjennom.

## 14.2 Opningstider

Opningstidene har vore dei same sidan opningssesongen, med utvida opningstider under Dei Nynorske Festspela, og ope enkelte dagar i dei store høgtidene. Til saman var Ivar Aasen-tunet ope for publikum om lag 1650 timer, som i 2002. Frå haustsesongen utvida vi opningstida slik at også måndag blei ein vanleg opningsdag:

*2. januar–13. juni*

Tysdag–fredag 10–16, søndag 13–18, måndag ope etter avtale

*14. juni–22. august*

Måndag–fredag 10–17, laurdag og søndag 12–18

*23. august–17. desember*

Måndag–fredag 10–16, søndag 13–18

### **14.3 Billettpisar**

Den prismodellen som blei utvikla for opningssesongen, blei ført vidare i 2004. For besøk i utstillingane var det faste prisar heile året:

• Vaksne	65,00
• Barn (6–16), honnør, student	35,00
• Familie (inntil to vaksne)	135,00
• Grupper (minst 15 personar)	35,00 pr person
• Skuleklassar	20,00 pr person
• Barnehagar	10,00 pr person
• Utstillingar i Galleriet	30,00
• NAF-medlemmer ("Show your card")	35,00

Under Festspela hadde gjester med billett til arrangement fritt tilgjenge til utstillingane same dagen.

Nynorsk kultursentrum har like sidan opningssesongen lagt vekt på å venje publikum til at kvalitet kostar, men at publikum skal få valuta for pengane. Over tid må difor prisane justerast oppover, samstundes som tilbodet også skal romme høveleg mange arrangement som er gratis eller kostar svært lite. For arrangement varierte prisane frå 20 til 200 kr. Dei mest brukte billettpisane var 50 og 80.

Under Festspela hadde vi som før om åra både gratistilbod, svært rimelege arrangement og nokre dyrare. Publikum kunne løyse festspelpass til 1000 kr som gav tilgjenge til alle arrangement. I enkelte høve var det også mogleg å kjøpe fellesbillett for fleire arrangement.

## **15. Økonomi**

Inntektene auka med vel 300 000 kr eller 3 % frå 9,637 mill. kr til 9,971 mill. kr. Driftskostnadene blei reduserte med 150 000 kr eller 1 % frå 10,023 mill. kr til 9,873 mill kr. Resultatet blei altså forbetra med vel 450 000 kr frå 2003 til 2004.

### **15.1 Investeringar og drift**

Etter at *inntektene* auka med nær 800 000 kr frå 2002 til 2003, greidde vi å auke dei med nye 300 000 i 2004.

I 2004 kom eigeninntektene, dvs. inntekter utanfor ordinært driftstilskot frå staten, opp i 2,9 mill. kr mot 2,8 mill. kr året før. Eigeninntektene utgjorde både i 2003 og 2004 29 % av dei samla inntektene, mot 24 % i 2002. Eigeninntektene for

nasjonale museumsinstitusjonar varierer mykje. Sett under eitt utgjorde desse 38 % av dei samla inntektene i 2003.

Etter rekordstore billettinntekter på 732 000 kr i 2003 fall desse til 636 000 kr i 2004. Billettinntektene gjekk ned for både festspel, kulturprogram og utstillingar.

Som venta blei kasse-omsetninga lågare i 2004 enn året før, og enda på 1,7 mill. kr mot 2 mill kr i 2003. Tabell 3 syner korleis omsetninga i kassa fordeler seg på dei ulike driftsområda. Omsetninga pr. gjest auka frå 84 kr i 2002 til 106 kr i 2003, men fall til 90 kr i 2004. Det ligg ikkje føre offisiell statistikk som gir samanlikningsgrunnlag, men vi veit dette er svært høge tal til å vere i vår bransje.

**Tabell 3**  
**Kasse-omsetning etter driftsområde 2000–2004**

	<b>Prosent</b>
Billettar utstilling	15
Billettar arrangement	33
Butikk	15
Kafé og utleige	35
<b>Sum</b>	<b>100</b>

Etter at *kostnadene* auka med nær 1,2 mill. kr frå 2002 til 2003, greidde vi i 2004 å redusere dei med 150 000 kr.

Lønskostnadene auka med nær 300 000 kr og utgjorde dette året 53 % av kostnadene, mot 50 % i 2003. Toårsprosjektet for registrering av Djupedal-samlinga er grunnen til denne auken.

Alle andre kostnadsgrupper kom ut med kostnader som var likt med eller lågare enn i 2003. Planlagt og nødvendig vedlikehald blei gjennomført, men vi måtte utsetje nokre planlagde endringar i basisutstillinga til 2005.

Frå og med 1.6. tok vi i bruk nye datalinjer og eit nytt datanettverk med PC Support som leverandør. Alt i 2004 såg vi resultat i form av enklare, sikrare, meir stabil og mykje billegare drift. Som følgje av omlegginga sa vi opp medlemsskapen i UNINETT med verknad frå 1.8.

Vi gjennomførte fleire ombyggingar på kjøkkenet for å effektivisere matproduksjonen og utvide menytilbodet.

## 15.2 Prosjektilskot

Nynorsk kultursentrum fekk i 2004 prosjektilskot på til saman 605 000 kr, mot 377 000 kr i 2003:

- Norsk kulturråd: 206 000 kr til registrering av Djupedal-samlinga
- Vandvik-nemnda: 65 000 kr til temautstillinga Klassisk kulturarv
- Møre og Romsdal fylke: 58 000 kr til Dei Nynorske Festspela
- Nærings- og handelsdepartementet: 50 000 kr til arbeidskonferansen Nynorsk innhald på Internett

- Kultur- og kyrkjedepartementet: 50 000 kr til arbeidskonferansen Nynorsk innhald på Internett
- Volda kommune: 25 000 kr til Dei Nynorske Festspela
- Ørsta kommune: 25 000 kr til Dei Nynorske Festspela
- Norsk kulturråd: 6000 kr til arrangement under Dei Nynorske Festspela  
I tillegg gav Norsk kulturråd tilsegn om 190 000 kr til forprosjekt for Jon Fosse-arkivet, som blir gjennomført i 2005. Vi gjorde i 2004 også endeleg avtale med Hundreårsmarkeringa 2005 om ein samarbeidsavtale som utgjer 400 000 kr. Av dette blei 80 000 kr rekneskapsført i 2003, og altså 120 000 kr i 2004. Resten blir inntektsført i 2005.

Heller ikkje dette året lykkast vi å få heva dei små løyvingane til Dei Nynorske Festspela frå vertskommunane Volda og Ørsta og frå Møre og Romsdal fylke. Eit arbeid for å endre på dette tok til med eit positivt fellesmøte med politisk leiing i vertskommunane 26.11.

### **15.3 Sponsoravtalar**

Inntektene frå sponsoravtalar auka frå 190 000 kr i 2003 til 436 000 kr i 2004. Dette året hadde Nynorsk kultursentrum avtalar med fem hovudsponsorar: Sparebanken Volda Ørsta, Sunnmørsposten, Tussa Kraft, Widerøe's Flyveselskap og Ørsta Stål. Desse avtalane er knytte til blant anna arbeidet med å byggje ny utescene.

Dei Nynorske Festspela hadde i tillegg desse sponsorane: Duni, Frieli, Brænne Mineralvatn, Sparebanken Volda Ørsta, Westres Baskeri. Brænne Mineralvatn laga også i 2004 eigen festspelbrus.

Microsoft Norge gjorde i 2004 eit unntak frå sponsorstrategien sin om langsigktige avtalar og støtta Nynorsk kultursentrum med Office 2003 på nynorsk til alle pc-ar i tunet.

Nynorsk kultursentrum takkar sponsorane!

### **15.4 Samfunnsrekneskap**

Nynorsk kultursentrum skapte verdiar for mange i 2004:

- 1 194 000 kr i skattetrekk og 636 000 kr i arbeidsgivaravgift, til saman 1 830 000 kr, mot 1,8 mill. kr i 2003. Dette utgjorde 19 % av samla kostnader i 2004.
- 4,7 mill kr i bruttolønn, mot 4,5 mill kr året før. Frå og med 2000 har Nynorsk kultursentrum betalt lønn til personar busette i heile 85 ulike kommunar over heile landet.
- 576 000 kr i honorar til utøvarar ved kulturarrangement og under Dei Nynorske Festspela, mot 680 000 kr i 2003.

Ved dei 30 museumseiningane i Møre og Romsdal som rapporterte for 2003, blei det utført til saman 94 lønte årsverk. Nynorsk kultursentrum stod for 14 % av desse.

## 16. Situasjonen for nynorsk skriftkultur

Den viktigaste endringa for nynorskbrukarane i 2004 var at det blei etablert eit klart politisk fleirtal i Stortinget for å styrke nynorskens plass i opplæringa, til fordel for både elevane med nynorsk som hovudmål og dei med nynorsk som sidemål. Det var også svært gledeleg at mange bankkundar frå november 2004 kunne bruke ein komplett nynorsk nettbank, utvikla etter initiativ frå Sparebanken Volda Ørsta.

### **16.1 Språkdelte norsk kultur**

Nynorsk er meir enn eit språk. Nynorsk er ikkje berre ein skriftkode og ein variant av norsk, nynorsk er òg ein heil skriftkultur som har fått sitt kulturelle sær preg gjennom 150 års bruk og utvikling. Nynorsk og bokmål er utgangspunktet for kvar sin skriftkultur som har levd gjennom eit langvarig motsetnadsforhold og stått mot kvarandre på fleire punkt: talemålsgrunnlag, nasjonalt utgangspunkt, sosiokulturelt ankerfeste, geografisk utbreiing, talet på brukarar, allmennpolitisk grunnlag m.m. Og ikkje minst er nynorsk skriftkultur prega av å heile tida å ha stått i ein mindretalsposisjon i Noreg. Når ein med omgrepene *målform* talar om nynorsk og bokmål som to ulike *former* av *eitt språk*, 'norsk', står ein i fare for å underkommunisere at det også er to ulike *skriftkulturar* ein snakkar om innanfor den språkklovvde norske kulturen. Nynorsk kultursentrum legg stor vekt på påliteleg dokumentasjon av tilstanden for nynorsk skriftkultur. Generelt trengst det meir kunnskapsbasert argumentasjon om og for nynorsk.

Nynorsk er eit mindre brukt språk i Noreg, men eit stort skriftspråk i verda. Nynorsken skil seg frå så godt som alle andre språk som blir brukte av eit mindretal på eit svært vesentleg punkt: Det finst så mange institusjonar og organisasjonar som sikrar kontinuitet og systematisk vidareutvikling av den nynorske skriftkulturen. På mange område står kanskje den nynorske skriftkulturen svakare enn midt på 1900-talet. Men denne skriftkulturen er no meir integrert i det norske samfunnet enn tidlegare.

Institusjonane si rolle endrar seg i samfunnet, men vi kjem ikkje bort frå at det trengst tunge, institusjonelle reformer også i framtida. Desse reformene må særleg ta sikte på å halde ved like og styrke bruken av nynorsk i dei såkalla kjerneområda, slik at nynorsken kan halde på det fotfestet den har fått, og dei må ta sikte på å halde oppe og styrke statusen og bruken til nynorsk på nasjonalt plan for å halde oppe nynorsk som reelt nasjonalmål. Berre institusjonar med nynorsk skriftkultur som øyremerkta oppgåve vil systematisk følgje opp dei språk- og kulturpolitiske forpliktingane over tid og styrke denne skriftkulturen.

Kvart tiår har hatt sine store kulturpolitiske reformer til fordel for nynorsk skriftkultur. I 1980-åra var nybygget til Det Norske Teatret ei slik reform, liksom realiseringa av Ivar Aasen-tunet var det i 1990-åra. Det er brei semje i nynorskmiljøa om at eit allment Internett-leksikon på nynorsk er det viktigaste nye institusjonelle tiltaket fram mot 2005.

Nynorsk kultursentrum legg vekt på å ta initiativ som kan prege utviklinga av nynorsk skriftkultur og den praktiske situasjonen for nynorskbrukarane. Alt arbeid blir utført i nær kontakt med andre nynorskinstitusjonar.

## 16.2 Bruk og utbreiing

Stoda for nynorsk i det norske samfunnet i dag kan truleg oppsummerast med at språket aldri har stått så sterkt som i dag. Tilstanden for den nynorsk skriftkulturen er stabil, men krevjande.

Eitt grunnleggjande skilje i den norske samfunnsstrukturen går mellom privat og offentleg. Eitt tilsvarende grunnleggjande skilje i språkbruk går mellom skrift og tale. Desse to aksane, offentleg – privat og tale – skrift, kan plasserast som ein loddrett og ein vassrett akse i ein matrise av skriftkulturelle samfunnssegment:

- Offentleg skrift
- Privat skrift
- Offentleg tale
- Privat tale

Med *offentleg* meiner vi verksamhet som er regulert av lover eller regelverk, eller som er nøye knytt til verksamhetsform i offentlege institusjonar, eller som er styrt av vedtak som nokon gjer på vegner av alle som følgje av fastsette prosedyrar. *Privat* viser dermed både til privat sektor i tradisjonell forstand og til dei delane av offentleg sektor som ligg utanfor det som blir regulert av lover, regelverk eller kollektive vedtak.

Etter kvart er den munnlege praksis i Noreg blitt å tale dialekt når sagt i alle samanhengar, og den eine av dei offisielle norske målformene har ikkje ein gong nokon sterk tradisjon for normert tale. Dette er eit særskilt i Europa, men gjer det ikkje lett å kategorisere nynorsk eller nynorsknær tale. Nynorsk kultursentrum har over tid utvikla dokumentasjon om nynorskens utvikling langs om lag 15 variablar der vi nokolunde sikkert kan følge utviklinga for nynorsk skriftkultur over lang tid, dvs. over fleire tiår. Generelt veit vi meir om bruken av nynorsk i skrift enn i tale, og vi veit meir om offentleg tale enn om privat tale.

For *privat tale* er tala få og berre delvis relevante for ei forståing av den uformelle munnlege bruken av nynorsk og dialektnær nynorsk. Gjennom meiningsmålingar veit vi ein del om privat skriftleg bruk, men den private munnlege bruken utgjer framleis lite anna handfast enn aningar og sannsynleggjeringar. Eitt av få handfaste fakta er at 27 av 165 stortingsrepresentantar (16 %) blir refererte på nynorsk.

I *privat skrift* står brukarane formelt fritt til å bruke det skriftspråket dei ønsker. Den reelle valfridommen er absolutt ikkje alltid til stades. Bruken av nynorsk i dette samfunnssegmentet held seg helst i området 5 – 15 %. 24 % av alle norske avisar er redigere på nynorsk eller på begge målformer, men desse står berre for 6 % av det samla avisopplaget. Kvart år er står nynorskutgåvane for om lag 15 % av alle selde biblar. Det siste tiåret er det blitt gjennomført tre større meiningsmålingar som syner at den private bruken av nynorsk i skrift ligg kring 14

% og i allfall ikkje har gått tilbake mellom 1995 og 2002. Om lag 11 % av sjølvmeldingane er skrivne på nynorsk skjema. Nynorskbrukarane blant dei vernepliktige på sesjon har med unntak av nokre få år med større svingingar utgjort knapt 10 % i lengre tid. Vel 8 % av alle utgitte bøker i Noreg er på nynorsk, men blant barne- og ungdomsbøker er berre 5 % på nynorsk. På Internett er 6 % av alle norskspråklege sider på nynorsk. Trass i at både mengda av domene og dokument på Internett har auka kraftig dei siste åra, ligg prosentdelen nokså fast, trass i at den store hopen av offentlege nettstader ikkje bruker nynorsk slik Stortinget har føresett.

For målrørsla blei nynorsk i *offentleg tale* tidleg viktig innanfor det kyrkjelege, mens det først var med radio og særleg TV at dette også blei viktig innanfor det verdslege. For offentleg tale ligg bruken av nynorsk mest i området 10 – 25 %. Heile 31 % av kyrkjesokna har nynorsk liturgi. I verbalprogram på NRK TV utgjer nynorsk om lag 9 %, mot 14 % i NRK Radio; då er dialektbruk ikkje rekna med.

Det er i området *offentleg skrift* det har vore lettast å etablere den nye skriftkulturen, først og fremst av di ein sterk stat samstundes var under bygging. Av same grunn er det her vi lettast finn historisk materiale. Det syner at bruken fordeler seg frå 5 % like inn til 30 %. Heile 41 % av alle kommunane har nynorskelevar i grunnskulen, og 27 % av kommunane har nynorsk som tenestemål. Om lag 15 % av grunnskuleelevarane bruker nynorsk, men truleg skiftar bort imot ein tredel av desse til bokmål før dei avsluttar vidaregåande skule. Av gjeldande lover er om lag 10 % på nynorsk.

Framstillinga opnar for den konklusjonen at nynorsk i allfall er eit 15 %-språk. Jamt over er det langt att til symbolgrensa 25 %, og det er like utenkjeleg at nynorsk blir eit 50 %-språk som at det blir heilt borte. Nynorsk både er og har vore det dominerande språket i delar av landet. I nasjonal målestokk er likevel nynorsk eit mindre brukt språk, slik det alltid har vore, sjølv om det er eit stort språk i verda. Alt etter kva vi mäter, ligg nynorsk ein stad mellom 10 og 20 %.

På kunstens område er nynorsk ei nesten heilt ikkje-kontroversiell sak. Utanfor kunsten er det derimot fritt fram for heile repertoaret frå tolerant likesæle til repressiv intoleranse. Der kunsten har misst taket, tek makta over. Ei allmenn oppfatning om forholdet mellom kunst og samfunn er at kunsten er marginalisert. Viss det er ei dekkjande framstilling, vil det seie at nynorsk er mest akseptert der den har minst å seie.

Bruken av nynorsk i offentleg skrift strekkjer seg mot høgare prosenttal enn bruken av nynorsk i privat skrift, medan vurderinga av forholdet mellom offentleg og privat tale er avhengig av korleis vi ser på samspelet mellom nynorsk og dialekt. Meir privatisering og avregulering av offentleg sektor fører for sin del til at dei private samfunnssegmenta blir ein stadig viktigare arena for nynorsk skriftkultur.

### 16.3 Perspektiv 2013

Stortinget slutta seg 1.4. til alle dei viktigaste språkpolitiske synspunktene i *St.meld. nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014*. Dette var den første kulturmeldinga

som gjekk grundig inn på språkpolitikk, og komitéinnstillinga i Stortinget inneber at eit klart politisk fleirtal legg til grunn dette tiårsperspektivet i stortingsmeldinga:

I 2013 er det 200 år sidan Ivar A[as]en vart fødd, og det tiåret som står att fram til dette jubileet, kan vera eit høveleg tidsperspektiv for eit meir systematisk arbeid med å styrkja den nynorske skriftkulturen. Eit slikt arbeid må skje over eit breitt felt, gjennom eit sampel mellom private og offentlege aktørar.

Nynorsk kultursentrum er svært uroleg over at svært få offentlege nettstader følgjer opp føresetnadene i mållovs meldinga frå 2001 om bruk av begge målformer både i skjerm miljø og redaksjonelt stoff. Vi uroar oss også over dei mange sakene som passerer gjennom departement og regjering utan at dei språkpolitiske perspektiva blir fanga opp. Av omsyn til norsk kultur allment og nynorskbrukarane spesielt kan det ikkje halde fram slik.

Eit typisk trekk for nynorsk skriftkultur er at der er mange handlekraftige miljø og mange institusjonar, men at det alltid manglar pengar til å realisere dei beste ideane. Nynorsk institusjonar samarbeider betre enn nokon gong og prøver å utnytte den nynorske marknadsmakta som finst. Også i framtida vil likevel nynorsk skriftkultur vere avhengig av målretta offentleg støtte.

Det kulturmeldinga manglar, er tydelege føringar som forpliktar budsjett politisk. Meldinga må følgjast opp med reie pengar gjennom dei årlege løyvingane over statsbudsjettet. På dette punktet viste ikkje kulturmeldinga att i det statsbudsjettet for 2005 som Stortinget vedtok hausten 2004. Ei systematisk tiårssatsing krev dessutan større tiltak enn dei som kan realiserast gjennom årlege løyvingar.

Nynorsk kultursentrum arbeidde i 2004 med ei rekke saker under fellesnemnaren ”Perspektiv 2013”. Dette arbeidet held fram kvart år frametter.

#### **16.4 Strategi som nasjonal kulturinstitusjon**

Både formelt og gjennom praksis er Nynorsk kultursentrum ein nasjonal institusjon. Vi har 20 stiftarar i ryggen. Blant desse er alle dei fire universiteta, alle dei viktige nynorsk institusjonane, fleire fylkeskommunar og kommunar, og fleire forskingsinstitusjonar. Desse stiftarane utgjer i seg sjølv ei viktig samarbeidsflate.

Vi skal ha nasjonal spisskompetanse på dokumentasjon på nynorsk om nynorsk, med særleg vekt på kulturhistorie i vid tyding, det regionale og det biografiske. Vi skal vere tilgjengelege, synlege og til nytte for nynorskbrukarane og for andre som ønskjer å bruke tenestene og kunnskapen vår. Vi ønskjer å knyte til oss enkeltpersonar utanfor institusjonen som ein del av den kompetansen vi har til rådvelde for å løyse dei faglege hovudoppgåvane fram mot 2013.

Både økonomisk og på anna vis er det krevjande å drive ein nasjonal institusjon utanfor hovedstaden. Både massemedia og publikum har lett for å oppfatte slike institusjonar som lokale, sjølv om ein nasjonal institusjon i Oslo kan ha eit like avgrensa nedslagsfelt. Vi må difor bruke ein god del ekstra tid og pengar, ikkje minst reisekostnader, for å gjere den nasjonale profilen mest mogleg tydeleg.

Nynorsk kultursentrum spelar ei sjølvstendig og kritisk rolle i høve til styresmaktene. I dette ligg at vi er ein aktør i den norske offentlegheita både nasjonalt, regionalt og lokalt, og kritisk og konstruktivt er med og styrkje den nynorske skriftkulturens plass i det norske samfunnet. Det er ikkje vår oppgåve å utøve noko forvaltningsansvar for det offentlege på arbeidsfelta våre, men tvert om øve press mot dei som har det ansvaret. Staten kan på si side ikkje påleggje institusjonen å gjennomføre bestemte tiltak innanfor norsk språkpolitikk. Derimot stiller Nynorsk kultursentrum sin kompetanse til rådvelde for tiltak som kan styrkje nynorsk skriftkultur.

Ivar Aasen-tunet som opplevingssenter omfattar både utstillingar, kulturprogram, festspel, butikk og kafé. I verksemda vår er det likevel ikkje eit skarpt skilje mellom formidling og fagleg arbeid, eller mellom dokumentasjon og oppleving. Innhaldet i publikumstilbodet kan ikkje berre målast i publikumstal. Det er også viktig at arrangement, utstillingar og tilbodet i kafé og butikk er av høg kvalitet. Mange av arrangementa våre hadde ikkje blitt til om ikkje vi hadde skipa dei til, og det kunstnarlege nivået på tilskipingane er jamt over høgt. Vi legg vekt på å skipe til både arrangement og utstillingar som har gjenbruksverdi, slik at dei kjem til nytte i det vidare faglege arbeidet.

Ivar Aasen-tunet som dokumentasjonssenter har to hovudoppgåver: Ta vare på viktig dokumentasjon for ettertida, og aktivisere viktig dokumentasjon i kulturskapande verksemd. Dette dokumentasjonssenteret vil ha eit digitalt tyngdepunkt i nettstaden [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) som blir gradvis bygt ut frå 2005 og frametter. Nettstaden vil ha svært mykje å seie for rolla til Nynorsk kultursentrum som nasjonal dokumentasjonsinstitusjon. Publisering av ulike typar tekstar vil prege nettstaden:

- Nøkkeltekstar frå den nynorske skriftkulturens historie, både sakprosa og skjønnlitteratur
- Spesialskrivne artiklar om sentrale emne innanfor nynorsk skriftkultur
- Basistekstar på fleire språk om Ivar Aasen og nynorsk
- Talar, artiklar og nyheitsstoff frå eiga verksemd

Kvalitet skal vere eit særmerke for all verksemd i regi av Nynorsk kultursentrum.

Nyvinningane til fordel for nynorskbrukarane og nynorsk skriftkultur generelt er nesten alltid resultatet av samordna og målretta innsats frå mange hald. Nynorsk kultursentrum legg sterk vekt på samarbeid og samordning med både den organiserte målrørsla og sentrale nynorskinstitusjonar om oppgåver som kan gi resultat.